

MØTEINNKALLING

Utval: Eldrerådet
Møtestad: Herøy omsorgssenter
Dato: 08.04.2019
Tid: 10:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 02.04.2019

Arve Moltubakk
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 9/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 10/19	Protokoll frå førre møte.
PS 11/19	Referatsaker

Referatsaker:

RS 7/19	Detaljreguleringsplan for Runde panorama - utlegging til offentlig ettersyn
RS 8/19	Årsrapport 2018 - den offentlege tannhelsetenesta
RS 9/19	Planforslag til avgrensa høyring/offentleg ettersyn: Reguleringsendring for Bergshaugen nord, gnr. 28, bnr. 6 m. fl.
RS 10/19	Varsel om oppstart av reguleringsarbeid: Detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn-Nørvågen
RS 11/19	Forslag til reguleringsplan for massedeponi i Sandvika gnr. 59 bnr. 1. Høyring/offentleg ettersyn.
RS 12/19	Privat planforslag for tre rorbuer på Budaneset, Leikong. Høyring/offentleg ettersyn.
RS 13/19	Årsmelding 2018 Pasient- og brukarombudet i Møre og Romsdal
RS 14/19	Brev til eldrerådene i Norge LEVE HELE LIVET
RS 15/19	Utkast til brukarutval- for innspel/vurdering


PS 9/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 10/19 Protokoll frå førre møte.

PS 11/19 Referatsaker

Referatsaker

**RS 7/19 Detaljreguleringsplan for Runde panorama - utlegging til offentlig ettersyn
Detaljreguleringsplan for Runde panorama - utlegging til offentlig ettersyn 21.03.2019 00:00:00 MØRE OG ROMSDAL
FYLKESKOMMUNE m.fl.**



«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST «POSTSTED»
»

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2018/982	L12	«REF»	UTV	21.03.2019

DETALJREGULERINGSPLAN FOR RUNDE PANORAMA - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

I samsvar med § 12-10 i plan- og bygningslova (pbl) har formannskapet i F-sak 46/19, 12.03.2019, vedteke å legge forslag til detaljreguleringsplan for Runde panorama ut til offentlig ettersyn.

Saka vert derfor oversendt naboar, grunneigarar og regionale instansar for uttale.

Frist for innspel er sett til 10.05.2019

Har du spørsmål kring saka kan du kontakte: Ole Magne Rotevatn,
ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no - 90974128

Med helsing

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Ole Magne Rotevatn
Avdelingsleiar utvikling

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg

- 1 Særutskrift F-sak 46/19: Detaljreguleringsplan Runde Panorama - utlegging til offentlig ettersyn
- 2 0 Planomtale Runde Panorama 13.12.2018
- 3 V1 Reguleringsplan Rundepanorama 13.12.2018
- 4 V4 Runde panorama skisseprosjekt
- 5 V5 Forenklet VA-plan-A3 Plan
- 6 V3 Sjekklister ROS - Runde panorama 13.12.2018



Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2018/982
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
46/19	Formannskapet	12.03.2019

DETALJREGULERINGSPLAN RUNDE PANORAMA - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding:

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at detaljreguleringsplan for Runde Panorama. vert lagt ut til offentlig ettersyn i minst seks veker.

Møtebehandling:

Ordførar Arnulf Goksøyr reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er tiltakshavar i saka. Han gjekk frå under handsaming av habilitet. Arnulf Goksøyr vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, Fvl §6a.

Planleggar Tanja Rafteseth møtte og orienterte i saka.

Ole Brubakk vart samrøystes vald som setteordførar.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 12.03.2019

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at detaljreguleringsplan for Runde Panorama vert lagt ut til offentlig ettersyn i minst seks veker.

Særutskrift:

Sporstøl Arkitekter AS

Goksøyr Eigedom DA

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset, pb. 2500	6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset, pb. 2520	6404 MOLDE
Statens vegvesen, region midt	Postboks 2525	6404 MOLDE
Norges vassdrags- og energidirektorat	Naustdalsvn. 1b pb. 53	6801 FØRDE
Søre Sunnmøre Landbrukskontor	Dragsundvegen 6	6080 GURSKØY
Mørenett AS	Langemyra 6	6160 HOVDEBYGDA

Barnerepresentanten i Herøy kommune

Ungdomsrådet

Eldrerådet

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Vedlegg:

- 1 0 Planomtale Runde Panorama 13.12.2018
- 2 V1 Reguleringsplan Rundepanorama 13.12.2018
- 3 V2 Førsegn Runde Panorama 13.12.2018
- 4 V4 Runde panorama skisseprosjekt
- 5 V5 Forenklet VA-plan-A3 Plan
- 6 V6 Merknader Samla
- 7 V9 REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE - Runde Panorama - sign
- 8 V3 Sjekkliste ROS - Runde panorama 13.12.2018

Samandrag av saka:

Sporstøl Arkitekter har utarbeidd eit forslag til detaljreguleringsplan på vegne av Goksøyr eigedom DA. Det vart varsla oppstart av planarbeidet 28.08.2018 og det kom inn 4 fråsegn frå regionale myndigheiter. Det kom ikkje inn merknadar frå private.

Sporstøl Arkitekter har levert eit gjennomarbeidd forslag til detaljreguleringsplan og rådmannen har få merknadar til arbeidet.

Rådmannen rår til at planforslaget vert lagt ut til offentleg ettersyn i minst seks veker.

Saksopplysningar:

Bakgrunnen for planforslaget er å legge til rette for eit område med fritidsbustadar.

- Det er planlagt oppføring av 9 hytter med tilhøyrande anlegg som skal tilpassast naturen.
- Tilkomst til hyttene skal tilpasse seg terrenget med bruer og mindre fyllingar.

Planforslaget vil leggje til rette for oppføring av 9 hytter med tilhøyrande anlegg. Området er om lag 19,4 daa og ligg som areal for framtidige fritidsbustadar med reguleringsplikt i gjeldande kommuneplan. Fritidsbustadane er planlagt å tilpasse seg naturen. Målet er å skape bebyggelse og tilkomst som forsterkar naturopplevinga og behandlar omgivnaden med respekt.

Med bakgrunn oppstartmøte vart det varsla start av planarbeid 28. August 2018. Dei ulike høyringsinstansar, grunneigarar og naboar fekk tilsendt varsel skriftleg. Det vart gjort kunngjering i ei avis (Vestlandsnytt) og utlegging av varslingsdokument på kommunen og plankonsulentens nettside. Frist for innspel vart sett til 02. oktober 2018. Merknadar til varslinga er vurderte i planomtalen kap.9 og lagt ved som vedlegg til sak.

Arealstatus i kommuneplanen

I den gjeldande kommuneplan er planområdet vist med formål for fritids- og turistformål. Sør vest for planområdet er eit område avsett til Fritidsbebyggelse og området sør aust er avsett til LNFR areal for spreidd bustad- fritids eller næringsbebyggelse, mv. Området som grensar til sjø i nord er avsett til Landbruk,- natur- og friluftformål samt reindrift (LNFR).

Omtale av planforslaget

Planforslaget legg til rette for 9 tomter for fritidsbustadar med tilhørande teknisk infrastruktur. Det er planlagt parkeringsplass ved dagens veg til Christineborg gjestehus og smalare sti til fritidsbustadane. Arealet for Christineborg gjestehus er også teke med som ein del av planforslaget.



Lokalisering av planområdet

Frittliggjande fritidsbustadar, BFF1-5

Mønehøgda skal avgrensast til maksimalt 7,5 meter og gesimshøgda til 7 meter frå gjennomsnittleg eksisterande terreng. Hyttene skal tilpassast terrenget og naturen. I områda BFF1 og BFF5 er det planlagt 2 fritidsbustadar. I BFF4 skal det planlagt 3 fritidsbustadar. BFF2 og BFF3 er områder der det skal oppsettast 1 fritidsbustad. På områda(BFF1-5) kan det bebyggast inntil 115m² per tomt.

Fritids- og turisføremål, BFT

Christineborg gjestehus. %-BYA=50. Mønehøgda 10m eter og gesimshøgda 8 meter.


Turveg, GT 1-2

Turstiane er planlagt som tilkomst til fritidsbustadar. Dei skal utformast på ein måte som medfører minst mogleg terrenginngrep som sprenging og graving. Ein skal heller vurdere bruar og mindre fyllingar av naturlege materiale. Turstien skal utformast på en måte som gjer det mogleg og nå fritidsbusetnaden med bil dersom naudstilfelle. Turvegen skal være open for ålmenta.

Friluftsmål, LF 1-4

Områda LF1-LF4 er satt av til friluftsområde. Det kan i dette området leggest teknisk infrastruktur som vann- og avløpsleidingar og kablar. Områda skal være opene for ålmenta.

Plankart



Forslag til plankart dateret 13.12.2018

Vurdering:

Barn og unge sine interesser i planarbeidet

Planområdet er i all hovudsak areal for fritidsbustadar og turisme. Herøy kommune har ikkje praksis for å krevje at det vert sett av eigne areal for td. leikeplassar i slike området og krev det heller ikkje her. Det er lagt til rette for frileik i terreng og det vil vere mogleg å nytte området ved Christineborg gjestehus med dei fasilitetane som er der.


Vurderingar etter Naturmangfaldslova § 7-12

§7 prinsipp for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

Området er dyrelivsfreda. Den einaste restriksjonen som gjeld for området er at fugle og pattedyrarter er freda mot jakt og fangst. Det er likevel tillate med jakt og fangst av villmink etter viltlova med forskrifter. Det er også registrert Teist i området, denne er registrert som sårbar art på nasjonal rødliste.

Verneområde VV0000554 - Runde dyrelivsfredning



Kartutsnitt som viser verneområde for Runde dyrelivsfredning.

§8 Kunnskapsgrunnlaget

Plankonsulent har gått gjennom nasjonale databasar og vi vurderer det slik at kunnskapsgrunnlaget er tilfredsstillande for vurderingar etter naturmangfaldlova.

§9, Føre-var-prinsippet

Sidan kunnskapsgrunnlaget vurderast som tilstrekkeleg, vil også behovet for bruk av føre-var-prinsippet reduserast.

§ 10 Samla belastning:

Deler av planområdet er urørt terreng. Det er derimot planlagt å gjere minst mogleg inngrep i naturen og legge vekt på å tilpasse bygga terrenget og ikkje motsett. Utbygginga vil truleg ikkje påverke den samla belastninga på økosystemet i området, da det allereie er aktivitet i området pga. Christineborg gjesthus.

§ 11 Overvaking:

Så langt vi kan sjå vil det ikkje være nødvendig med ytterlegare overvaking av naturmiljøet enn det som allereie er etablert i dag.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder:

Bygga er planlagt utbygd med godkjent avløpsanlegg (Jets-system) som vert knytt til eksisterande godkjent avløp til Christineborg Gjesthus. Fritidsbygga og tilhøyrande anlegg er planlagt slik ein ikkje gjer unødvendige store inngrep i terreng.

Herøy kommune kan ikkje sjå at planforslaget har ingen spesielle negative konsekvensar for naturverdiar i området

Planfaglege vurderingar

I planforslaget står det at *bebyggelsen skal tilpasse seg naturen og ikkje omvendt. Fritidsbustadane skal plasserast i terrenget med omhug, og pelast opp i forkant ved behov. Tanken er at området sjølv etter at bygga ikkje lenger består skal være eit naturleg vakkert område utan øydeleggande "arr". Det er planlagt ei tilnærming med respekt for naturen som vil forsterke atmosfæren i området og på hyttene. Eit viktig grep for å oppnå dette er å ikkje bygge på dei høgste punkta på tomta, men la dei være opne, og heller bygge rundt. Ved graving i terreng skal jord og vegetasjon sidelagrast og tilbakeførast ved slutføring.*

Prinsippet om at bygningar skal plasserast i terreng med minimalt terrenginngrep er noko rådmannen støttar fullt ut. Dette er eit viktig prinsipp i mange plansaker, men det vil vere spesielt viktig på Runde som er eit unikt landemerke i Herøy og regionen.

Planforslaget legg også opp til felles parkeringsplass ved Christineborg gjestehus og eit område nærmare fritidsbustadane og eigarane (eller turistane) skal gå langs smalare vegar til fritidsbustadane er også eit positivt grep for å redusere inngrepet i landskapet. Vegane skal vere breie nok for ein 4-hjuling i nødstilfelle.

I føresegna står følgjande:

§ 2.a

Ved søknad om byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk, og at bygningar i same område får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bygg.

§ 2 bokstav a seier at kommune skal sjå til at bygningane får god form og materialbruk og at bygningar i same område skal ha ei harmonisk utforming. Sidan Runde er eit unikt område både i lokal, regional og nasjonal samanheng bør kommunen vurdere kor strengt krav ein bør stille til at område må byggast ut med ei harmonisk utforming. Kommunen har høve til å stille rekkjefølgjekrav til at det skal leggast fram ein situasjonsplan for heile området ved første byggesøknad for å sikre at området vert bygd ut på ein heilskapleg måte.

I detaljreguleringsplanen for Teigane, planID 2014 10 vart det stilt følgjande krav i føresegna:

Ved byggemelding av første bygg skal det leggest fram situasjonsplan for heile BFF der plassering, storleik, materialbruk og utforming av uteareala skal dokumenterast og illustrerast.

Rådmannen vil ikkje gå nærmare inn på dette no før offentleg ettersyn, men vil vurdere dette etter merknadane ved offentleg ettersyn har kome inn.

Samla sett framstår planforslaget som godt gjennomarbeidd der ein frå første stund har teke omsyn til dei kvalitetane området har. Dette gjenspeglar seg i at dei regionale instansane ikkje har hatt vesentlege merknadar til varsel om oppstart til tross for at området er av høg interesse og av nasjonal verdi. Rådmannen har få merknadar til planforslaget då det har teke omsyn til fleire av dei elementa som kommunen skal forvalte.

Konklusjon:

Etter ei heilskapleg vurdering av saka vil rådmannen rå til at planforslaget i medhald av plan- og bygningslova, §12-10, vert lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker.

Fosnavåg, 03.03.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Ole Magne Rotevatn
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

Plan ID.: 2018XXX

Arkivsak ID:1782

Ulsteinvik, 13.12.2018

Planomtale

DETALJREGULERING RUNDE PANORAMA HERØY KOMMUNE- Plan ID: Forslag Plan- og bygningsloven (PBL) §12-3 og §12-8



Sporstøl Arkitekter as
Postboks 301
6067 Ulsteinvik

Telefon. 70 01 85 50
E-Post firmapost@sporstol.no
Web. www.sporstol.no

Org. Nr. 961181488 MVA
Bankgiro. 6566.05.31445
Sentral Godkjenning. 1998001229

Innhold

1	Samandrag	4
2	Bakgrunn	5
2.1	Hensikten med planen	5
2.2	Forslagstiller, plankonsulent, eigarforhold.....	5
2.3	Tidlegare vedtak i saken.....	6
2.4	Utbyggingsavtaler	6
2.5	Krav om konsekvensutredning (KU)	6
3	Planprosessen.....	6
4	Planstatus	7
4.1	Overordna planer	7
4.2	Tilgrensande planer.....	8
4.3	Statlege planretningslinjer/rammer/føringar.....	8
5	Planområdet - Eksisterande forhold.....	9
5.1	Lokalisering, avgrensing og storleik.....	9
5.2	Dagens arealbruk og tilstøytane arealbruk	10
5.3	Stadens karakter	10
5.4	Landskap.....	10
5.5	Kulturminne og kulturmiljø	11
5.6	Naturverdiar	11
5.7	Rekreasjonsverdi/rekreasjonsbruk, uteområde.....	11
5.8	Landbruk	11
5.9	Trafikkforhold.....	11
5.10	Barns interesser.....	12
5.11	Universell tilgjengelegheit.....	12
5.12	Teknisk infrastruktur.....	12
5.13	Grunnforhold	12
5.14	Støyforhold	12
5.15	Luftforureining	12
5.16	Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)	12
5.17	Næring.....	12
6	Omtale av planforslaget.....	13
6.1	Planlagt arealbruk.....	13
6.1.1	Reguleringsformål.....	14
6.2	Omtale av reguleringsformål	14
6.3	Bygga si plassering og utforming	16
6.3.1	Bygga si plassering og utforming.....	16
6.3.2	Bebyggelsens høgde.....	16
6.3.3	Grad av utnytting.....	16

6.3.4	Antall bygningar.....	16
6.4	Bustadmiljø/bukvalitet	17
6.5	Parkering.....	17
6.6	Tilknytning til infrastruktur.....	17
6.7	Trafikkløysing	18
6.8	Planlagde offentlege anlegg.....	18
6.9	Miljøoppfølging	18
6.10	Universell utforming.....	18
6.11	Uteoppfallsareal	18
6.12	Kollektivtilbod	19
6.13	Avbøtande tiltak/ løysningar ROS.....	19
6.14	Rekkjefølgeresegn.....	19
7	Konsekvensutredning.....	19
8	Verknadar/konsekvensar av planforslaget.....	19
8.1	Overordna planer	20
8.2	Landskap.....	20
8.3	Stedens karakter	20
8.4	Estetikk	20
8.5	Kulturminne og kulturmiljø	20
8.6	Forholdet til krava i kap. II i Naturmangfaldlova	20
8.7	Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk	21
8.8	Uteområde	21
8.9	Trafikkforhold.....	21
8.10	Barns interesser.....	21
8.11	Sosial infrastruktur.....	21
8.12	Universell tilgjengelegheit.....	21
8.13	Energibehov – energiforbruk	21
8.14	ROS.....	21
8.15	Teknisk infrastruktur.....	21
8.16	Økonomiske konsekvensar for kommunen	21
8.17	Konsekvensar for næringsinteresser.....	21
8.18	Interessemotsetningar	21
8.19	Avveging av verknader	21
9	Innkomne innspel.....	22
10	Avsluttande kommentar.....	23
11	Vedlegg.....	23

1 Samandrag

PLANOMTALE		
Plannamn	DETLAJREGULERING RUNDE PANORAMA	
Arkivsak (ARK)	1782	
Plan ID	2018XX	
Omtale av planen	Planinitiativet tek føre seg eksisterande situasjon, bakgrunn og målsetting for planarbeidet. Hovudmålet med reguleringa er: <ul style="list-style-type: none"> • Oppføring av 9 nye hytter med tilhøyrande anlegg på deler av gnr. 9 brn. 80 og 128. 	
Formål/Hensikt/lovgrunnlag	Planarbeidet vart i oppstartmøte med kommunen vurdert i høve til forskrift om konsekvensutgreiing, og om det vert fanga opp av § 4 i "Forskrift om konsekvensanalyse". Kommunen har gjort slik vurdering: <ul style="list-style-type: none"> • Planframlegget skal ikkje konsekvensutgreiast. • Behovet for nødvendige utgreiingar vert avklart i planomtalen. Det private planinitiativet er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3 og §12-8.	
Estimert framdrift for behandling av plan	Oppstartsmøte	18.06.2018
	Behandling planinitiativ - planutval	14.08.2018
	Varsel om start av planarbeid	28.08.2018
	Frist for innspel varsling	02.10.2018
	Utarbeiding av planforslag	Nov-Des 2018
	Kommunal behandling (12 veker)	
	Høring av planforslag (6 veker)	
	Behandling av ev. merknader og endringar	
	Godkjenning av planforslag	
	Kunngjering av godkjent plan	
Organisering/kontakt	Planinitiativet er utarbeidd av Sporstøl Arkitekter AS i samarbeid med forslagsstiller. Forslagsstiller (FS): Goksøyr eigedom DA – Kleppeåsen 89 – 6080 Gurskøy Kontaktperson: Arnulf Goksøyr Tlf: +47 901 07 135 E-post: arnulf@christineborg.no Plankonsulent (PK): Sporstøl Arkitekter AS - Postboks 301 - 6067 Ulsteinvik Tlf: +47 700 18 550 Nettside: www.sporstol.no Kontaktperson: Bjørnar Sporstøl Tlf.: +47 918 68 794 E-post: bjornar@sporstol.no Martine Dalen Tlf.: +47 994 62 954 E-post: martine@sporstol.no	

2 Bakgrunn

Bakgrunnen for planforslaget er å legge til rette for eit område med fritidsbustadar.

- Det er planlagt oppføring av 9 hytter med tilhøyrande anlegg som skal tilpassast naturen.
- Tilkomst til hyttene skal tilpasse seg terrenget med bruer og mindre fyllingar.

Planomtalen gir ei framstilling av dagens situasjon, planforslaget og verknaden av ei planlagt utbygging.

2.1 Hensikten med planen

Leggje til rette for oppføring av 9 hytter med tilhøyrande anlegg. Området er om lag 19,4 daa og ligg som areal for framtidige fritidsbustadar med reguleringsplikt i gjeldande kommuneplan. Fritidsbustadane er planlagt å tilpasse seg naturen. Målet er å skape bebyggelse og tilkomst som forsterkar naturopplevinga og behandlar omgivnaden med respekt.

2.2 Forslagstiller, plankonsulent, eigarforhold

Forslagsstiller (FS):

Goksøyr eigedom DA – Kleppeåsen 89 – Gurskøy

Kontaktperson: Arnulf Goksøyr

Tlf: +47 901 07 135 E-post: arnulf@christineborg.no

Plankonsulent (PK):

Sporstøl Arkitekter AS - Postboks 301 - 6067 Ulsteinvik

Tlf: 700 18 550 Nettside: www.sporstol.no

Kontaktperson: Bjørnar Sporstøl


Tlf: +47 918 68 794 E-post: bjornar@sporstol.no

Martine Dalen

Tlf.: +47 994 62 954 E-post: martine@sporstol.no

Eigedommar: Gnr. 9 bnr. 80 og 128

Andre eigedomar i planområde: Christineborg Gjesthus Gnr. 9 Bnr. 67



Plangrense vist med svart stripplet linje.

Sporstøl Arkitekter as

Postboks 301

6067 Ulsteinvik

Telefon. 70 01 85 50

E-Post firmapost@sporstol.no

Web. www.sporstol.no

Org. Nr. 961181488 MVA

Bankgiro. 6566.05.31445

Sentral Godkjenning. 1998001229

2.3 Tidlegare vedtak i saken

Formannskapet i Herøy kommune vedtok den 14.08.2018 at det i medhald av plan og bygningslova §12-8 kunne startast opp detaljreguleringsarbeid for eit nærare avgrensa område på Runde. Vedtak-løyve oppstart vist i V8.

2.4 Utbyggingsavtaler

Det vil ikkje være behov for utbyggingsavtale.

2.5 Krav om konsekvensutredning (KU)

Planen skal i følgje Forskrift om Konsekvensutgreiing § 3b) – Vedlegg II vurderast etter forskrifta § 4. Dette vart vurdert og avklart med kommunen i oppstartmøte.

Kommunen har gjort en slik vurdering:

- Planframlegget skal ikkje konsekvensutgreiast.


3 Planprosessen

Med bakgrunn oppstartmøte vart det varsla start av planarbeid 28. August 2018. Dei ulike høyringsinstansar, grunneigarar og naboar fekk tilsendt varsel skriftleg. Det vart gjort kunngjering i ei avis (Vestlandsnytt) og utlegging av varslingsdokument på kommunen og plankonsulentens nettside. Frist for innspel vart sett til 02. oktober 2018. Merknadar til varslinga er vurderte i planomtalen kap.9 og lagt ved som vedlegg V6. Den vidare saksgang ifølge PBL sikrar at kravet til medverknad vert ivareteke gjennom offentleg ettersyn av det utarbeidde planforslaget.

Oppstartsmøte	18.06.2018
Behandling av planinitiativ	14.08.2018
Varsel om start av planarbeid	28.08.2018
Frist for innspel varsling	02.10.2018
Utarbeiding av planforslag	November- Desember 2018
Kommunalbehandling	
Høring av planforslag (6 veker) frist merknad	
Behandling av ev. merknadar og endringar	
Godkjenning av planforslag	
Kunngjering av godkjent plan	

4 Planstatus

4.1 Overordna planer




Utsnitt av gjeldende reguleringsplan. Henta frå Sunnmørskart.no

I den gjeldande kommuneplan er planområdet vist med formål for fritids- og turistformål. Sør vest for planområdet er eit område avsett til Fritidsbebyggelse og området sør aust er avsett til LNFR areal for spreidd bustad- fritids eller næringsbebyggelse, mv. Området som grensar til sjø i nord er avsett til Landbruk,- natur- og friluftformål samt reindrift (LNFR). Det er ingen gjeldande reguleringsplan for planområdet.

4.2 Tilgrensande planer

Vest for planområdet foreligger det ein reguleringsplan for hyttebebyggelse, friluftsområde og privat veg. Reguleringsplanen tredde i kraft 18.12.1992.



Utsnitt av tilgrensande reguleringsplan. Henta frå Sunnmørskart.no

4.3 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) 01.juli.2009
- Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) 19.juni.2009
- Reguleringsplanveileder, Kommunal- og Moderniseringsdepartementet, september 2018
- Planlegging av fritidsbebyggelse T-1450

5 Planområdet - Eksisterende forhold


5.1 Lokalisering, avgrensning og storleik

Utbyggingsområdet ligg ved Christineborg på Runde. Det grensar mot Storevågen i nord, Christineborg i øst og andre eigendomar i vest. Mot sør grensar det mot områder som er satt av enten i reguleringsplan eller kommuneplan til spreidd fritidsbustadar/bustad eller næringsformål.

Tomta har svært gode forhold for fritidsbustadar, men det vil være eit viktig element i regulering og bebygging av området at naturen får styre, dvs. at fritidsbustadane må tilpasse seg naturen og ikkje omvendt. Målet er å skape bebyggelse og tilkomst som forsterkar naturopplevinga og behandlar omgivnaden med respekt.




Oversiktsbilde mot øst av tomta



Oversiktsbilde av området. Utsnitt av planinitiativ.

5.2 Dagens arealbruk og tilstøytane arealbruk

Eigendommen har eit område satt av til fritidsbustadformål, medan arealet ut mot Storevågen og Litlevågen er satt av til Landbruk-, natur- og friluftsfomål (LNFR).



Kommuneplan. Henta frå Sunnmørskart

5.3 Stadens karakter

Området er eit typisk kystlandskap, med ulent terreng og havutsikt. Innanfor planområdet ligg Christineborg gjestehus, her held runde kystleirskule til. Leirskulen har teke imot leirskulelevar heilt sidan 1979. Christineborg gjestehus er også opne for kurs og konferansar, selskapslokale og turisme. Sidan eigarskifte i 2009 har store delar av lokaliteten ved gjennomgått renovering og fornying.

5.4 Landskap

Tomta ligg med ein fantastisk utsikt ut mot havet utan hinder og har eit relativt ulent naturleg terreng, med lav vegetasjon og berg, samtidig som det fell ned mot havet. Området har gode solforhold og ei panoramautsikt som gir gode moglegheiter for å fange både soloppgang og solnedgang. Det er eit typisk kystklima på staden og det kan til tider blåse godt i området.



Området sett ovanfrå. Henta frå Norgeskart.no

Sporstøl Arkitekter as
Postboks 301
6067 Ulsteinvik

Telefon. 70 01 85 50
E-Post firmapost@sporstol.no
Web. www.sporstol.no


Org. Nr. 961181488 MVA
Bankgiro. 6566.05.31445
Sentral Godkjenning. 1998001229

5.5 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ingen registrerte automatisk freda kulturminne eller SEFRAK registrerte innanfor planområdet. Runde er registrert som eit viktig kulturlandskap og er i kommuneplanen sin arealdel registrert med omsynssone H550.

5.6 Naturverdiar

Området er dyrelivsfreda. Den einaste restriksjonen som gjeld for området er at fugle og pattedyrarter er freda mot jakt og fangst. Det er likevel tillate med jakt og fangst av villmink etter viltlova med forskrifter. Det er også registrert Teist i området, denne er registrert som sårbar art på nasjonal rødliste.



Område med dyrelivsfreding. Henta frå gislink.no

5.7 Rekreasjonsverdi/rekreasjonsbruk, uteområde

Arealet ut mot Storevågen og Litlevågen er satt av til Landbruk-, natur- og friluftformål (LNFR). Periodevis har det hekk ein del sjøfuglar i området, men f.t. har det mest interesse som turområde langs stranda, særleg med fine sporstfiskeplassar langs berga. Verdien av området må sjåast i samanheng med sjøfuglfjellet og turristerinteressene på runde.

På planområdet ligg Christineborg gjestehus, her er attraktive lokalar for leirskuleklasser, kurs og konferansar, selskapslokale og turisme. Det blir organisert guiding i fjellet og båtturar rundt fugleøya.

5.8 Landbruk

Planområdet er ikkje brukt til landbruk. Arealtypen i området er open fast mark med fjell i dagen.

5.9 Trafikkforhold

En kan nå planområdet via privat avkøyrse frå Fv18. I området hyttene er planlagt plassert er det ikkje utarbeidd infrastruktur. Området er kupert med berg og lav vegetasjon. Tilkomst til fots er i dag mogleg, men tidvis utfordrande.

Sporstøl Arkitekter as

Postboks 301

6067 Ulsteinvik

Telefon. 70 01 85 50


E-Post firmapost@sporstol.no

Web. www.sporstol.no

Org. Nr. 961181488 MVA

Bankgiro. 6566.05.31445

Sentral Godkjenning. 1998001229



Trafikktilkomst. Henta frå google maps

5.10 Barns interesser

Barns interesser i området er i all hovudsak knytt til Christineborg gjesthus. Leirskulen tek i mot barn frå fleire skular rundt om i Norge. Planområdet kan i nokon grad være nytta til leik.

5.11 Universell tilgjengelegheit

Christineborg gjestehus har universell tilgjengelegheit. Resten av planområdet er urørt området med kupert terreng.

5.12 Teknisk infrastruktur

Christineborg gjestehus har etablert vann- og avløpssystem.

5.13 Grunnforhold

Det er ikkje spesielle utfordringar med grunnforhold i området. Grunnen består hovudsakeleg av fjell/berg med tynt jordlag. Det er ikkje fare for ras i planområdet.

5.14 Støyforhold

Det er ikkje registrert utfordringar med støy i området.

5.15 Luftforureining

Det er ikkje registrert luftforureining i området.

5.16 Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)

- Området er i dag innanfor hensynssone H550 i kommunens arealplan
- Det ligg høgspenlinje innanfor planområdet.

Utover dette er det ikkje uakseptabel risiko til området som vi kjenner til.

5.17 Næring

Det er ikkje spesielle næringsinteresser i området

Sporstøl Arkitekter as

Postboks 301

6067 Ulsteinvik

Telefon. 70 01 85 50

E-Post firmapost@sporstol.no

Web. www.sporstol.no

Org. Nr. 961181488 MVA

Bankgiro. 6566.05.31445


Sentral Godkjenning. 1998001229

6 Omtale av planforslaget

Planforslaget er utarbeidd av Sporstøl Arkitekter AS i samarbeid med forslagsstillar. Plannamn og -id: Runde Panorama, 2018XXX

Den framtidige utviklinga av området ligg godt til rette for attraktive fritidsbustadar. Det er eit ønskje om å få rammer som opnar for dett. Illustrasjonar og visualiseringar er utført av arkitektar ved Sporstøl Arkitekter AS. Disse er ikkje juridisk bindande.

I gjeldande arealplan er område vist som Fritids- og turistformål. Planområde vist med mørkt felt.



Utsnitt av gjeldande arealplan, med planavgrensing.

Det samla areal på planområdet er ca.: 19,5 dekar.

6.1 Planlagt arealbruk

Målet med detaljregulering er å få oppført 9 nye hytter med tilhøyrande anlegg på delar av gnr.9 bnr. 80 og 128. Det leggast opp til parkeringsplass ved dagens veg, og smalare sti/veg til fritidsbustadane.

Sporstøl Arkitekter as
Postboks 301
6067 Ulsteinvik

Telefon. 70 01 85 50
E-Post firmapost@sporstol.no
Web. www.sporstol.no

Org. Nr. 961181488 MVA
Bankgiro. 6566.05.31445
Sentral Godkjenning. 1998001229

6.1.1 Reguleringsformål


Arealfordeling reguleringsformål	Formål	Daa
§ 12-5 Nr.1 – Bygninger og anlegg		
1120 - Fritidsbebyggelse		5,2
1170 – Fritids- og turistformål		5,9
1500 – Annen type bebyggelse og anlegg		0,2
	Sum	11,3
§ 12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur		
2011 – Kjøreveg		0,6
2082 – Parkeringsplass		1,1
	Sum	1,7
§ 12-5 Nr. 3– Grønnstruktur		
3031 - Turveg		1,6
	Sum	1,6
§ 12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og fritidsformål samt reindrift		
5130 – Friluftformål		4,9
	Sum	4,9
Totalt areal planområde	Sum	19,5

6.2 Omtale av reguleringsformål

§ 12-5. Nr. 1 – Bygninger og anlegg		
Fritidsbustad – frittliggjande	BFF1 - BFF5	Mønehøgda skal avgrensast til maksimalt 7,5 meter og gesimshøgda til 7 meter frå gjennomsnittleg eksisterande terrenget. Hyttene skal tilpassast terrenget og naturen. I områda BFF1 og BFF5 er det planlagt 2 fritidsbustadar. I BFF4 skal det planlagt 3 fritidsbustadar BFF2 og BFF3 er områder der det skal oppsettast 1 fritidsbustad. Områder med fleire hytter er regulert med tomtegrenser.
Fritid og turistbustad	BFT	Christineborg Gjesthus. %-BYA=50. Mønehøgd 10 meter og gesimshøgd 8 meter.
Annan type bygningar og anlegg	f_BAB	Området er avsett til felles avfallshandtering for fritidsbustadar og Christineborg gjesthus.
§ 12-5. Nr 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, felles		
Køyreveg	f_SKV	Område for eksisterande veg. Denne er felles for BFT og BFF1-BFF5 og tilgrensande eigendomar nord og aust for planområdet.
Parkering	f_SPA1– f_SPA2	Området SPA1 er område for eksisterande parkeringsplass for Christineborg gjesthus. Denne skal også nyttast som gjesteparkering for fritidsbustadar.

		Området SPA2 er område for parkering for Fritidsbustadar. Her skal det etablerast minimum 1 parkeringsplass pr. hytte.
§ 12-5. Nr 3 – Grønstruktur, felles		
Turveg	f_GT1- f_GT2	Turstiane er planlagt som tilkomstar til fritidsbustadar. Dei skal utformast på ein måte som medfører minst mogleg terrenginngrep som sprenging og graving. Ein skal heller vurdere bruer og mindre fyllingar av naturlege materiale. Turstien skal utformast på en måte som gjer det mogleg og nå fritidsbusetnaden med bil dersom nødstilfelle. Turvegen skal være open for allmenta.
§ 12.5. Nr 5 – Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift, felles		
Friluftsmål	f_LF1- f_LF4	Områda LF1-LF4 er satt av til friluftsområde. Det kan i dette området leggest teknisk infrastruktur som vann- og avløpsleidingar og kablar. Områda skal være opne for allmenta

I tillegg til reguleringsformåla kjem omsynssoner og rekkjefølgjekrav.



Utsnitt av V1- Detaljregulering plankart.

Sporstøl Arkitekter as
Postboks 301
6067 Ulsteinvik

Telefon. 70 01 85 50
E-Post firmapost@sporstol.no
Web. www.sporstol.no

Org. Nr. 961181488 MVA
Bankgiro. 6566.05.31445
Sentral Godkjenning. 1998001229

6.3 Bygga si plassering og utforming

Det er planlagt å kunne etablere 9 nye fritidsbustadar innanfor planområdet.

6.3.1 Bygga si plassering og utforming

Bygg skal plasserast innanfor byggje og anleggsformål, samt byggegrenser som er vist på plankartet. Plassering av planlagt bygg i illustrasjonar er berre retningsgivande.

Bebyggelsen skal tilpasse seg naturen og ikkje omvendt. Fritidsbustadane skal plasserast i terrenget med omhug, og pelast opp i forkant ved behov. Tanken er at området sjølv etter at bygga ikkje lenger består skal være eit naturleg vakkert område utan øydeleggande "arr". Det er planlagt ei tilnærming med respekt for naturen som vil forsterke atmosfæren i området og på hyttene. Eit viktig grep for å oppnå dette er å ikkje bygge på dei høgste punkta på tomta, men la dei være opne, og heller bygge rundt. Ved graving i terreng skal jord og vegetasjon sidelagrast og tilbakeførast ved slutføring.

Hyttene vist i skisseprosjektet viser tenkt konsept og variasjon, men vil måtte tilpassast meir nøyaktig kvar tomt ettersom terreng og utsikt varierer. Generelle grep ved alle hytter er at dei opnar seg mot utsikta og lukker seg mot tilkomst og gangsti, har overflater i naturlege materialar som, treverk (brent eller olja) og stein, med store glasfelt. Det vurderast ein heilskapleg tanke rundt standard på energikrav til fritidsbustadane, t.d. lavenergibbygg.

6.3.2 Bebyggelsens høgde


Byggjehøgder er regulert i føresegner med maks for møne og gesims. Høgdene på bygga varierer i forhold til de ulike hyttene. For å unngå store inngrep i terreng er bygga planlagt plassert på pelar. Dei høgste bygga er plassert lågt i terrenget og plan 2 ligg parallelt med terreng ved turveg.

6.3.3 Grad av utnytting

Hytter kan førast opp med bruksareal (BRA) inntil 100 m², jf.. Føresegner til kommuneplan. Hyttene er planlagt på 80-95 m².

6.3.4 Antall bygningar

Tal på bygg er regulert i føresegn og plankart. I planområdet er det planlagt oppføring av 9 hytter.



Illustrasjon av planlagt bebyggelse.

Sporstøl Arkitekter as

Postboks 301

6067 Ulsteinvik

Telefon. 70 01 85 50

E-Post firmapost@sporstol.no

Web. www.sporstol.no

Org. Nr. 961181488 MVA

Bankgiro. 6566.05.31445


Sentral Godkjenning. 1998001229

6.4 Bustadmiljø/bukvalitet

Området ligg med nydeleg utsikt ut over havet. Bebyggelsen skal etablerast med mål om å sikre godt utsyn og utsikt for alle. Fritidsbustadane plasserast slik at dei ikkje hindrar utsynet til kvarandre, medan vinkling av fritidsbustadane varierer for å skape gode utsiktsforhold og å unngå direkte innsyn til nabo. Hyttene har generelt tett vegg mot tilkomst og opnar seg opp mot utsikta. Området har gode kvalitetar når det gjeld solforhold. Dette skal ivaretakast i planlegging av hytter når de gjeld orientering og plassering. Belysning og materialbruk på området tilpassast den naturlege atmosfæren. Målet er eit område med ei kjensle av ro, stillheit, kos og trivsel.

6.5 Parkering

Det leggst opp til ny parkeringsplass ved dagens veg, og smalare sti til fritidsbustadane. Det skal være mogleg å komme til med bil i nødstilfelle og med 4-hjuling, sykkel og til fots til dagleg. Dette er ein del av atmosfæren, det å komme til hytta, og for å unngå "biltrafikk" rundt på området. Eksisterande parkeringsplass ved Christineborg gjesthus kan nyttast som gjesteparkering for fritidsbustadar.



Illustrasjon som viser planlagt parkering.

6.6 Tilknytning til infrastruktur

- Vassforsyning er planlagt tilknytt offentleg anlegg ved Christineborg Gjesthus
- Vann og avløpsleidningar planleggast i vegtrase. Sjå forenkla VA-plan vedlegg V5
- Bygg er planlagt utbygd med godkjente avløpsanlegg (Jets-system) som ver knytt til eksisterande godkjend avløp til Christineborg gjesthus.

Sporstøl Arkitekter as

Postboks 301

6067 Ulsteinvik

Telefon. 70 01 85 50

E-Post firmapost@sporstol.no

Web. www.sporstol.no

Org. Nr. 961181488 MVA

Bankgiro. 6566.05.31445


Sentral Godkjenning. 1998001229

- **Jets hyttesystem**


Med jets fellesløsning får man en felles pumpeining og felles oppsamlingstank for alle hytter. Systemet bruker lite vann og behovet for tømning er sjeldnere en vanlige anlegg. Systemet rensar gråvatnet og det infiltrerast på eiga tomt.

6.7 Trafikkløysing

Bebyggelse, arkitektur og tilkomst til hyttene skal tilpasse seg terrenget, og utførast med mist mogleg inngrep i form av sprenging og graving, men heller med bruer og mindre fyllingar i naturlege materialar. Det er ønsket ein veg som glir inn i naturen utan å dominere, men heller tilfører området noko.



Mogleg løysning for mist mogleg terrenginngrep på veg til/mellom hytter



Dimensjoneringsprinsipp, Privatveg.

Det skal være mogleg å komme til med bil i nødstilfelle og med 4-hjuling, sykkel og til fots til dagleg. Dette er ein del av atmosfæren, det å komme til hytta, og for å unngå "biltrafikk" rundt på området. Vegane er planlagt ut i frå rettleiing for dimensjonering av vegar som er utarbeidd av kommunen.

6.8 Planlagde offentlege anlegg

Det er ikkje planlagt offentlege anlegg innanfor planområdet

6.9 Miljøoppfølging

Plan har som mål å gjere minst mogleg endringar på naturen i området. Det skal ikkje gjennomførast tiltak som kan føre til skade på miljøet.

6.10 Universell utforming

Terreng gjer det vanskeleg med tanke på universell utforming i planområdet.

6.11 Uteoppholdsareal

Det er ikkje lagt opp til nye områder for leikeplass i planen. Området rundt hyttene avsett til friluftsområde, og området består hovudsakleg av grønstruktur. Det er også moglegheiter for barn og betytte leikeplass ved Christineborg gjesthus.

6.12 Kollektivtilbod



Busstopp ved avkjørsel frå fylkesveg 18. Henta frå norgeskart.no

6.13 Avbøtande tiltak/ løysningar ROS

Det går ei kraftleidning sør for Christineborg gjesthus, denne er i planen merket som faresone H_370. Området er i kommuneplanen registrert som et viktig kulturlandskap og registrert me omsynssone H550. Dette tar planen omsyn til. Det er elles ikkje registrert spesiell risiko knytt til området.

6.14 Rekkjefølgeføresegn

- Tursti skal opparbeidast og ferdigstiltes seinast saman med midlertidig bruksløyve i område BFF1-BFF5.
- Tekniske planar for heile området skal godkjennast av kommune før utbyggingar i planområdet. Seinast ved søknad om igangsetting.
- Parkering f_SPA2 skal ferdigstillast samstundes som det blir gitt bruksløyve for BFF1-BFF5.

7 Konsekvensutredning

Plandokumentet blir utarbeidet etter reguleringsplanveileder, utarbeidet av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2018. I henhold til forskrift om Konsekvensutredning §4, vedlegg II blir planen ikke vurdert til å medføre konsekvensutredning.

8 Verknadar/konsekvensar av planforslaget

Her skildrast og vurderast verknadar og konsekvensar av gjennomføring av planen. Konsekvensar vert skildra når planen avviker frå vedtatt oversiktsplan, temaplan, vedtatt retningslinje, norm eller vedtekt eller når planen vil medføre konsekvensar for natur, miljø eller samfunn. Eventuelle avbøtande tiltak skildrast.

Sporstøl Arkitekter as
Postboks 301
6067 Ulsteinvik

Telefon. 70 01 85 50
E-Post firmapost@sporstol.no
Web. www.sporstol.no

Org. Nr. 961181488 MVA
Bankgiro. 6566.05.31445
Sentral Godkjenning. 1998001229

8.1 Overordna planer

Planen er i tråd med prinsippa i Herøy kommunes arealplan. Planen vurderast å være i tråd med Herøys ambisjonar om å legge til rette for fritidsbustadar.

8.2 Landskap

Planen legg føringa for ei utbygging av bygningar med god terrengtilpassing der bygningar tilpassar seg naturen og ikkje omvendt. Eit viktig grep for å oppnå dette er å ikkje bygge på dei høgaste punkta, men la dei være opne og heller bygge rundt.

8.3 Stedens karakter

Det er ei oppfølging av kommunens intensjon om tilrettelegging for fritidsbustad. Det ønskast eit område og fritidsbustadar som glir inn i naturen utan å dominere, men heller tilfører området noko.

8.4 Estetikk

Planen er i tråd med den utviklinga som er tenkt for området. Bygga skal utformast for å passe inn i naturen. Material og belysning skal tilpassast den naturlege atmosfæren. Det er planlagt ei tilnærming med respekt for naturen som vil forsterke atmosfæren i området.

8.5 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller SEFRAK registrerte bygningar i planområdet. Dersom en under utbygging av planområdet kjem over automatisk freda kulturminne gjeld §8 i Kulturminnelova.

8.6 Forholdet til krava i kap. II i Naturmangfaldlova

- Planforslaget har ingen spesielle negative konsekvensar for naturverdiar i området.
Kunnskap (§8):
Vi oppfattar kunnskapsgrunnlaget i nasjonale databasar som tilfredsstillande for vurderingar etter naturmangfaldlova i denne saken.
- Føre-var-prinsippet (§9):
Vi har undersøkt tilgjengelege databasar for naturmangfald. Med bakgrunn i dette ser vi ikkje på inngrepet i planframlegget som vesentleg for naturmangfaldet på Runde.
- Samla belastning (§10):
Deler av planområdet er urørt terreng. Det er derimot planlagt å gjere minst mogleg inngrep i naturen og legge vekt på å tilpasse bygga terrenget og ikkje motsett. Utbygginga vil truleg ikkje påverke den samla belastninga på økosystemet i området, da det allereie er aktivitet i området pga. Christineborg gjesthus.
- Overvaking (§11):
Så langt vi kan sjå vil det ikkje være nødvendig med ytterlegare overvaking av naturmiljøet enn det som allereie er etablert i dag.
- Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder (§12):
Bygga er planlagt utbygd med godkjent avløpsanlegg (Jets-system) som vert knytt til eksisterande godkjent avløp til Christineborg Gjesthus. Fritidsbygga og tilhøyrande anlegg er planlagt slik ein ikkje gjer unødvendige store inngrep i terreng.

8.7 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk

Utbygginga vil ikkje ha negativ innverknad på rekreasjonsinteressene i område. Det gir derimot fleire mulighet til å nytte seg av området.

8.8 Uteområde

Uteområde er sikra gjennom planarbeidet. Planen tar utgangspunkt i å legge til rette for eit område med fokus på natur. Ved og utarbeide veg/sti i område blir området meir tilgjengeleg.

8.9 Trafikkforhold

Planen vil ikkje medføre merkverdig trafikkauke langs fylkesveg 18.

8.10 Barns interesser

Barns interesser er sikra ved Christineborg gjesthus. Planen legg også til rette for leik i natur.

8.11 Sosial infrastruktur

Konsekvensen av utbygginga vil være att det kan komme fleire born til området, men då på fritidsbasis. Dette fører ikkje til større press på barnehage og skuler i kommunen.

8.12 Universell tilgjengelegheit

Det er vanskeleg og oppnå universell tilgjengelegheit i planområdet på grunn av terrenget. Dersom en skal oppnå dette må det truleg gjennomførast sprenging og utfylling i planområdet, noko som ikkje er ønskeleg.

8.13 Energibehov – energiforbruk

Det er vurdert å bygge hyttene som lavenergibbygg. Omfanget av prosjektet tilseier at planen ikkje vil ha innverknad på forsyningstryggleiken i området.

8.14 ROS

Viser til V3 ROS sjekklister. Det er i planen regulert inn hensynssone for kraftlinje.

8.15 Teknisk infrastruktur

Vann og avløp skal koplast på eksisterande anlegg ved Christineborg.

8.16 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Utbygging, opparbeiding og drift er privat og vil ikkje medføre økonomiske konsekvensar for kommunen.

8.17 Konsekvensar for næringsinteresser

Konsekvensen av utbygginga vil vere en liten auke i kundegrunnlag for etablerte næringar i kommunen/regionen.

8.18 Interesse motsetningar

Det er ingen vesentlege interesse motsetningar.

8.19 Avveging av verknader

Verknadane av planforslaget vil samla sett vere positivt for området. For å møte dagens utfordringar med klimagassutslepp og befolkningsvekst vil det vere behov for områder med eit variert fritidstilbod i moderne, energieffektive bygningar.

Sporstøl Arkitekter as

Telefon. 70 01 85 50

Org. Nr. 961181488 MVA

Postboks 301

E-Post firmapost@sporstol.no

Bankgiro. 6566.05.31445

6067 Ulsteinvik

Web. www.sporstol.no

Sentral Godkjenning. 1998001229

9 Innkomne innspel

Med bakgrunn i oppstartsmøte vart planarbeidet forvarsla. Dei ulike høyringsinstansane, grunneigarar og naboar fekk varselet tilsendt. Det vart i tillegg kunngjering på plankonsulenten og på kommunen sine nettsider. Frist for innspel var sett til 4 veker.

Det vart motteke 4 merknader/innspel etter varsling oppstart planarbeid. Viser her til vedlegg 5. Formell saksgang ifølge PBL sikrar at kravet til medverknad vert ivareteke gjennom offentleg ettersyn av utarbeidd planforslag. Utdrag av merknader:

Merknader
FYLKESMANNEN
Natur og miljøvern: <ul style="list-style-type: none">- Legg til grunn at ein tar vare på området sin karakter og unngår å sprengje fjell, også at ein plasserer hyttene slik at dei ikkje ruvar i terrenget. Det same gjeld infrastrukturen. Det er avgjerande og bygge på naturens premisser og ikkje omvendt. Materialval og belysning er vesentleg for at tiltaket tilpassar seg omgjevnadene. Strandsone: <ul style="list-style-type: none">- Det er skissert at ein legg opp til felles badeplass og bål plass nede ved havet. Planområdet går ikkje heilt ned til sjøen, og inngrep ved sjøen kan såleis ikkje omfattast av planen. Samfunnstryggleik og klimatilpassing: <ul style="list-style-type: none">- Sør for Christineborg Gjesthus går ei kraftlinje gjennom planområdet. Den må sikrast med tilstrekkeleg hensynssone.
Kommentar: <ul style="list-style-type: none">- Plassering og materialval skal tilpassast naturen og terrenget.- Hensynssone er tatt med i planen.- Badeplass og bål plass blir ikkje tatt med i planen
SVV
Statens Vegvesen har ikkje merknad/innspel til varsla planarbeid.
Kommentar: Det er tatt til vitande.
NVE
Generelt innspel til planarbeidet. <ul style="list-style-type: none">- Viser til korleis saksområde skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplan eller PBL. Det er ikkje komme inn merknader direkte mot planen.
Kommentar: Det er tatt til vitande.
KYSTVERKET
<ul style="list-style-type: none">- Kystverket har i utgangspunktet ikkje innvendingar til hytteplasseringane, men er usikker på om dei store glasflatene på hyttene mot nordaust kan få betydning for synbarheita av den nord/nordaustretta hvitsektoren frå fyrlykta på Langeneset.

Sporstøl Arkitekter as

Telefon. 70 01 85 50

Org. Nr. 961181488 MVA

Postboks 301

E-Post firmapost@sporstol.no

Bankgiro. 6566.05.31445

6067 Ulsteinvik

Web. www.sporstol.no

Sentral Godkjenning. 1998001229

- I føresegnene til planen bør det takast inn at lyssetting i planområdet skal utførast slik at den, enkeltvis eller samla, ikkje hindrar eller blir til fare for synbarheita til sektorbelysninga frå fyrlykta på Langeneset. Skarpe lyskjelder og punktblysning i størst mogleg rettes ned mot terrenget og bort frå sjøen der slik skal nyttast.

Kommentar:


Krav til belysning er tatt med i føresegner til planen. «Belysning i området skal være dempa og skal tilpassast den naturlege atmosfæren. Belysning skal ikkje hindre eller blir til fare for synbarheta til sektorbelysninga frå fyrlykta på Langeneset. Skarpe lyskjelder og punktblysning skal i størst mogleg grad rettes ned mot terrenget.»

10 Avsluttande kommentar

Med bakgrunn i dette planforslaget vil vi på vegne av forslagsstiller be om at utvalet for plansaker behandlar planforslaget i samsvar til plan- og bygningsloven (PBL) § 12-3 og §12-11.

11 Vedlegg

- V1 Planforslag/Plankart. Datert 13.12.2018
- V2 Reguleringsføresegn. Datert 13.12.2018
- V3 ROS sjekklister. Datert 03.07.2018
- V4 Illustrasjonar, situasjonsplan, fasadar og snitt
- V5 Forenkla VA-plan
- V6 Kopi av innkomne merknadar
- V7-1 Kopi av varslings. Datert 28.08.2018
- V7-2 Kopi av kunngjering. Datert 27.08.2018
- V8 Vedtak- løyve om oppstart planarbeid F-sak 143-18. Datert 14.08.2018
- V9 Referat frå oppstartsmøte. Datert 18.06.2018



Tegnforklaring

Reguleringsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg

- BFF Fritidsbebyggelse-frittliggende
- Fritid/Turistformål Fritids- og turistformål
- BAB Andre typer bebyggelse og anlegg

§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- Kjøreveg Kjøreveg
- SPA Parkering

§12-5. Nr. 3 - Grønnstruktur

- GT Turveg

§12-5. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift

- LF Friluftsmål

§12-6 - Hensynssoner

- H370 Høyspenningsanlegg (inkl høyspentkabler)
- H550 Hensyn landskap


Linjesymbol

- Planens begrensning
- Formålgrense
- Regulert tomtegrense
- Byggegrense
- Bebyggelse som inngår i planen
- Regulert senterlinje
- Regulert kant kjørebane
- Grense for faresone
- Grense for angitt hensynssone

Kartopplysninger

Kjelde for basiskart: Kartbase Herøy kommune
 Dato for basiskart: ETRS89.UTM-32N
 Koordinatsystem: ETRS89.UTM-32N
 Høgdegrunnlag:

Ekvidistanse: 1m
 Kartmålestokk: 1:1000 m



Detaljregulering
Detaljregulering Christineborg
 Med tilhørende føresegner


Arealplan-ID:
1515_Forslag
 Forslagstillar:
Goksøyr eigeendom DA

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

		SAKS-NR	DATO	SIGN
Dato	Revisjon			
Dato	Revisjon			
Dato	Revisjon			
Kommunestyret sitt vedtak				
Ny 2. gongs handsaming				
Offentleg ettersyn fråtil				
2. gongs handsaming				
Offentleg ettersyn fråtil				
1. gongs handsaming				
Kunngjering av oppstart av planarbeid		143/18	27.08.2018	BS
Oppstartsmøte den 18.06.2018 med Herøy kommune		143/18	14.08.2018	BS
PLANEN ER UTARBEIDD AV:				
Sporstøl Arkitektur		TEGNNR.	DATO	SIGN.
		001	13.12.2018	MD
Det stadfestas at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak				
		Bekreft Date	PLANSJEFFAVN Plansjef	




Runde Panorama





Oversiktsbilde mot øst av tomta



21.06 soloversikt



Bilde mot nordvest frå tomta

Tomt:

Tomta ligg ved Christineborg på Runde. Den grensar mot Storevågen i nord, Christineborg i øst og aqndre eigendomar i vest. Mot sør grensar dei mot områder som er satt av enten i reguleringsplan eller kommuneplan til spredte fritidsboliger/bolig eller næringsformål.


Tomta ligg med ei fantastisk utsikt ut mot havet utan hinder og har eit relativt ulent naturlig terreng, med lav vegetasjon og berg, samtidig som den fell ned mot havet.

Eigendommen har eit område satt av til fritidsboligformål, medan arealet ut mot storevågen og litlevågen er satt av til Landbruk-, natur- og friluftformål (LNFR).

Området har gode solforhold og ei panoramautsikt som gir gode muligheiter for å fange både soloppgang og solnedgang frå fritidsbustadane. Det kan blåse godt i området og det er derfor viktig å tenke på uteområdet som får le i planlegginga av området.

Tomta har svært gode forhold for fritidsbustadar, men det vil være eit viktig element i regulering og bebygging av området at naturen får styre, dvs at fritidsboligane må tilpasse seg naturen og ikkje omvendt. Målet er å skape bebyggelse og tilkomst som forsterker naturopplevelsen og behandler omgivelsane med respekt.

REV	DATO	BESKRIVELSE
		Prosjektstatus: Skisseprosjekt



Gnr./Bnr.: 9/13 og 9/80

Tomteareal: 33345 m2


Arealformål:
 Planidentifikasjon: 201250
 Oversiktsplanareal: Fritids- og turistformål
 Arealbrukstatus: Framtidig
 Områdenavn: FT4

Landbruk-, natur- og friluftformål samt reindrift (LNFR).

Byggeområde/ fritidsbustadar

----- Formålsgranse

REV	DATO	BESKRIVELSE
Projekstatus:		Skisseprosjekt



REV	DATO	BESKRIVELSE

Prosjektstatus: Skisseprosjekt

06.06.2018
1 : 1000

S P O R S T Ö L


1781
03

Runde Panorama

Situasjonsplan

P:1781 Christineborg Fritidshus6 Tegninger og beskrivelse/61 Tegninger Ark:610 Skisseprosjekt/Christineborg - Situasjonsplan 3/Recovery.rvt


07.06.2018 12:59:12



Tilkomst




Tilkomst: Tomta er kupert med berg og lav vegetasjon. Tilkomst til fots er i dag mulig, men tidvis utfordrande. Samtidig er området vakkert og variert slik det er. Bebyggelse, arkitektur og tilkomst til hyttene skal tilpasse seg terrenget, og utførast med mist mulig inngrep i form av sprenging og graving, men heller med bruer og mindre fyllinger i naturlige materialer. Det vil etterstrebast eit område og fritidsbustadar som glir inn i naturen uten å dominere, men heller tilfører området noko.



Utsikt



Utsikt: Tomta ligg med nydelig utsikt ut over havet. Området etablerast for med mål om å sikre godt utsyn og utsikt for alle. Fritidsbustadane plasserast slik at dei ikkje hindrer utsynet til kvarandre, medan vinkling av fritidsbustadane varierer for å skape gode utsiktsforhold og å unngå direkte innsyn til nabo. Hyttene har generelt tett vegg mot tilkomst og åpner seg opp mot utsikta.



Bebyggelse



Bebyggelse: Bebyggelsen tilpasser seg naturen og ikkje omvendt. Fritidsbustadane plasserast i terrenget med omhu, og pelast opp i forkant ved behov. Tanken er at området sjølv etter at bygga ikkje lenger består skal være eit naturlig vakkert område uten ødeleggande "arr". Ei tilnærming med respekt for naturen som vil forsterke atmosfæra i området og på hyttene. Eit viktig grep for å oppnå dette er å ikkje bygge på dei høgste punkta på tomta, men la dei være åpne, og heller bygge rundt.

REV	DATO	BESKRIVELSE
Projekstatus:		Skisseprosjekt



Atmosfære:

Det leggest opp til parkeringsplasser ved dagens veg, og smalare sti til fritidsbustadane. Det skal være mulig å komme til med bil i nødstilfeller og med 4-hjulung, sykkel og til fots til daglig.

Dette er ein del av atmosfæra, det å komme til hytta, og for å unngå "biltrafikk" rundt på området.

Belysning og materialbruk ellers på området tilpassast også denne naturlige atmosfæra.

Målet er eit område med ei kjense av ro, stillheit, kos og trivsel.

REV	DATO	BESKRIVELSE
		Prosjektstatus: Skisseprosjekt

Fritidsbustader:

Hyttene vist i skisseprosjektet viser tenkt konsept og variasjon, men vil måtte tilpassast meir nøyaktig kvar tomt ettersom terreng og utsikt varierer.

Generelle grep ved alle hytter er at dei åpner seg mot utsikta og lukker seg mot tilkomst og gangsti, har overflater i naturlige materialer som, treverk (brent eller olja) og stein, med store glassfelt.

Alle hytter er på 80 -90 m2 med to soverom og alkoveløsning. Dei har varierte uteområdet for å nyte naturen på som også gir variert grad av skjerming for vind i området.

Det vurderast ein heilheitlig tanke rundt standard på energikrav til fritidsbustadane, td. lavenergibygg.

Det leggst opp til felles badeplass og bål plass for fritidsbustadane nede ved havet. og eit felles avfallssystem.



1781
06


Runde Panorama

Fritidsbustadar

06.06.2018

REV	DATO	BESKRIVELSE
		Prosjektstatus: Skisseprosjekt

S P O R S T Ö L



1781
07


Runde Panorama

Oversikt mot nordvest

REV	DATO	BESKRIVELSE
		Prosjektstatus:
		Skisseprosjekt

06.06.2018

S P O R S T Ö L



1781
08

Runde Panorama

Oversikt mot nord

REV	DATO	BESKRIVELSE
	06.06.2018	Skisseprosjekt


06.06.2018

S P O R S T Ö L

5
09




Situasjonsplan område 1




Terrengsbitt område 1




Foto frå området



21.06 kl 08.00





21.06 kl 16.00





21.06 kl 22.00

REV	DATO	BESKRIVELSE
		Prosjektstatus:
		Skisseprosjekt

5
09



4
5
09



REV	DATO	BESKRIVELSE
Projekstatus:		Skisseprosjekt

1781
10

Runde Panorama


Utsikt område 1

06.06.2018
1 : 750

S P O R S T Ö L




Situasjonsplan område 2/
1:1000




Terrengsnitt område 2




Foto av området



21.06 kl 08.00




21.06 kl 16.00






21.06 kl 22.00

REV	DATO	BESKRIVELSE
Projekstatus:		Skisseprosjekt




7




REV	DATO	BESKRIVELSE
Projekstatus:		Skisseprosjekt

06.06.2018
1 : 750




Situasjonsplan område 3




Terrengsnitt område 3




Foto av området



21.06 kl 08.00






21.06 kl 16.00






21.06 kl 22.00

REV	DATO	BESKRIVELSE
	Prosjektstatus:	Skisseprosjekt





REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt
06.06.2018		S P O R S T Ö L
1 : 750		




BRA 82 m2

REV	DATO	BESKRIVELSE
Projekstatus:		Skisseprosjekt





Åpenheit og glass mot utsikt



Tett og privatiserende mot tilkomst






Utsikt



BRA 82 m²

REV	DATO	BESKRIVELSE
Projekstatus:		Skisseprosjekt

06.06.2018
 1 : 100




BRA 93 m²

REV	DATO	BESKRIVELSE
Projekttstatus:		Skisseprosjekt



REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt



- Vassforsyning er planlagt tilknytt offentlig anlegg ved Christineborg Gjesthus
- Avløpsanlegg er planlagt som Jets-system og er planlagt knytt til avløp nord for Christineborg

TEGNFORKLARING

- Avløp
- Vann

Rev.	Revisjonen gjelder	Dato	Tegnet	Kontr.	Godkjent
	Runde panorama	Målestokk	Dato	11.12.2018	
	Forenklet VA-Plan	1:1000	Tegnet		
			Kontr.		
			Godkjent		
		Arkiv bet.			
		Erstatn. for			
		Tegning nr.			Rev.

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Plan- og bygningslova § 28-1 fastset krav om sikker byggegrunn, og § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga.

Føremålet er å gje grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan òg oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Klimaendringane er forventa å påverke framtidig risiko og sårbarheit, og ROS-analysen må difor vurdere konsekvensar av klimaendringane. Fylkesmannen har lagt ved nokre sjekkpunktar på siste side i dette dokumentet som kan vere til hjelp når klimatilpassing skal vurderast.

Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for, og oppsummering av, risiko og sårbarheit i arealplansaker. *Sjekklista er ikkje i seg sjølv ein ROS-analyse.* For å kvittere ut spørsmåla i sjekklista, må det gjerast sjølvstendige vurderingar. Dersom ein er usikker på om det føreligg risiko, skal det hentast inn fagkyndig vurdering. Alle står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gjev størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande vurdering av avdekte forhold. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker, jf. krava i pbl. § 28-1.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

Fylkesmannen har samla dokument og lenkjer til bruk i arealplanlegginga her:

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/>

GisLink gjev tilgang til kart- og faginformatjon til bruk i arealplanlegginga:

<http://www.gislink.no>

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Namn på tiltak/plan DETALJREGULERING RUNDE PANORAMA

Naturgitte forhold		Er det knytt risiko til følgjande element? <i>Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg. Grunnge NEI etter behov.</i>	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?		x	Sjekka mot kartbase til NVE.
	B	Er området utsett for større fjellskred?		x	Sjekka mot kartbase til NVE.
	c	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		x	Sjekka mot kartbase til NVE.
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		x	Det er ikkje kjende tilfelle av ustabil grunn i planområder og tilgrensande område med eksisterende bygg. Området er for det meste berg opp i dagen med eit tynt jordlag.
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		X	Sjekka mot kartbase til NVE. Området er for det meste berg opp i dagen med eit tynt jordlag.
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyning i kjellar osv?		x	Det er ikkje kjende tilfelle i planområder og tilgrensande område med eksisterende bygg.
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		x	Området har lite vegetasjon, mykje berg opp i dag.
	H	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?		x	Området ligg ikkje i strandsone og utafor områder med stormflo. Bygg i området er ikkje lagt på toppar i terreng, men ligg i le av mindre knausar. Det er ikkje i seinare tid registrert skade på eksisterande bygg i område.
	I	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		x	Bygg i planområdet skal utformast i samsvar med TEK17
j	Anna (Spesifiser)?				

Omgjevnad		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		x	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		x	Område er småkupert men her er ikkje stup i planområde.
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyning i lågare- liggande område?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

Vass-forsyning		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		x	Det er planlagt tilknytt offentlig anlegg med Christineborg Gjesthus.

	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		x	
	c	Anna (spesifiser)?			
Kraft-forsyning		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4µT frå høgspenlinjer?	x		Det er høgspenlinje innanfor planområdet. Denne er merket med omsynssone i plan.
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?		x	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		x	Omfanget tilseier at dette ikkje har innverknad. Uendra.
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Samferdsel	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?		x	Det er relativt liten trafikk i og til område.
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?		x	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		x	
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendelser?		x	Området er fritidsbebyggelse om vil få liten konsekvens.
	e	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Miljø/ Landbruk	a	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?		x	
	b	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?		x	Bygg er planlagt utbygd med godkjent avløpsanlegg (Jets-system) som vert knytt til eksisterande godkjend avløp til Chrstineborg Gjesthus. Fritidsbygga og tilhøyranda anlegg er planlagt slika t en ikkje gjer unødige store inngrep i eksisterande terreng. Sti og tilkomstveger skal følgjer terrengformasjonar og ikkje leggar til toppar i terrenget.
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		x	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?		x	
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålbrenning, skipsverft, gartneri etc.?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

Brann-/ulukkesberedskap	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		x	Område frå same forsyning som Christineborg Gjestehus. Det er og mulig med pumpe og sjøvatn då et er langt til sjø.
	b	Har området dårlige tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		x	Det er planlagt at tilkomst il hytten kan får delvis tilkomst for utrykkningskjøretøy.
	c	Anna (spesifiser)?			

Sårbare objekt	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		x	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	x		Christineborg Gjestehus.
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

Verksemdsrisiko	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		x	
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

Ulovleg verksemd	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		x	
b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		x		
c	Anna (spesifiser)?				

Sjekklista er gjennomgått den 13.12 - 2018 av sign: ___Bjørnar Sporstøl___

Sjekkliste klimatilpassing

1. Flaumfare

a) Større vassdrag (vassdrag over 100 km²):

- Er det teke høgde for klimaframskrivingar i flaumsonekartlegginga?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre på resultatet av kartlegginga?
- Kan auka havnivå føre til auka flaumfare for planområdet (fare for kombinasjon av stormflo og flaum)?
- Har det vore tilfelle av isgang (som kan forverre flaumproblema)?

b) Bekkar og mindre elvar med bratt fall:

- Har det vore flaum ved tidlegare hendingar med intens nedbør?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre forholda?
- Er det planlagd utbygging 20 meter eller nærare ein vassdrag/bekk?
- Er bekkar lagt i røyr, og er det i tilfelle kapasitet til å ta unna auka nedbørsmengder?
- Har det vore endringar i arealbruken omkring elvar og bekkar som gjer at dei må finne andre løp ved flaum?
- Vil utbygginga kunne ligge i vegen for, eller stenge for, at elvar og bekkar kan endre løp?

2. Skred/erosjon

a) Er det lausmasser langs elv og/ eller sjø som kan vere utsett for erosjon?

3. Avløp

a) Har det vore problem med kapasiteten i avløpssystema ved tidlegare hendingar med intens nedbør?

b) Har det vore problem tilbakeslag?

c) Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre forholda?

d) Kan auka havnivå gi problem for avløpsanlegg (tilbakeslag)?

4. Havnivå/stormflo

a) Er berekninga av havnivåstiging og stormflo gjort i samsvar med prinsippa i rettleiaren «Havnivåstiging og stormflo» (DSB, september 2016)?

5. Infrastruktur (utanom vatn og avløp)

a) Kan auka fare for utfall av kritisk infrastruktur endre risiko- og sårbarheitsforhold for det aktuelle området?

6. Slagregn

a) Kan området vere sårbart for auka fare for slagregn?

Fra: Inger Holmeset <inger.holmeset@mrfylke.no>

Sendt: 25. mars 2019 15:05

Til: Aure Kommune <postmottak@aure.kommune.no>; Kristiansund Kommune <postmottak@kristiansund.kommune.no>; Averøy Kommune <post@averoy.kommune.no>; Halså Kommune <post@halsa.kommune.no>; Smøla Kommune <postmottak@smola.kommune.no>; Sunndal Kommune <post@sunndal.kommune.no>; Surnadal Kommune <post@surnadal.kommune.no>; Tingvoll Kommune <postmottak@tingvoll.kommune.no>; Molde Kommune <postmottak@molde.kommune.no>; Aukra Kommune <post@aukra.kommune.no>; Eide Kommune <postmottak@eide.kommune.no>; Fræna Kommune <postmottak@frana.kommune.no>; Gjemnes Kommune <post@gjemnes.kommune.no>; Midsund Kommune <postmottak@midsund.kommune.no>; Nesset Kommune <postmottak@nesset.kommune.no>; Vestnes Kommune <postmottak@vestnes.kommune.no>; Rauma Kommune <post@rauma.kommune.no>; Ålesund Kommune <postmottak@alesund.kommune.no>; Giske Kommune <post@giske.kommune.no>; Sula Kommune <postmottak@sula.kommune.no>; Sykkylven Kommune <postmottak@sykkylven.kommune.no>; Stranda Kommune <post@stranda.kommune.no>; Ørskog Kommune <post@orskog.kommune.no>; Skodje Kommune <postmottak@skodje.kommune.no>; Haram Kommune <postmottak@haram.kommune.no>; Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>; Sande Kommune <sande.kommune@sande-mr.kommune.no>; Ulstein Postmottak <postmottak@ulstein.kommune.no>; Postmottak Vanylven <postmottak.vanylven@vanylven.kommune.no>; Postmottak Volda <postmottak@volda.kommune.no>; Ørsta postmottak <postmottak@orsta.kommune.no>; Postmottak Hareid <postmottak@hareid.kommune.no>; Stordal Kommune <postmottak@stordal.kommune.no>; Norddal Kommune <post@norddal.kommune.no>; Sandøy Kommune <post@sandoy.kommune.no>

Emne: Årsrapport 2018 - den offentlege tannhelsetenesta

Hei

Eg ber om at mailen blir vidareformidla til rådmann/helsesjef og folkehelsekoordinator i kommunen.

Årsrapporten presenterer den fylkeskommunale tannhelsetenesta og beskriv mål – og produksjonstal for tannhelsearbeidet og prioriterte oppgåver i 2018. Rapporten inneheld mellom anna oversikt over tannhelsetilstanden i kvar kommune for indikatorårskulla på 3,- 5,- 12,- og 18-åringar.

Årsrapporten er også tilgjengeleg på fylkeskommunen sin nettstad:

<https://mrfylke.no/Tenestekomraade/Tannhelse/AArsrapport-2018-for-tannhelsetenesta>

Mvh

Inger Holmeset

Folkehelserådgivar/tannpleiar

Fylkestannlegen

Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf: 71 28 01 97 / 922 94 900

inger.holmeset@mrfylke.no


mrfylke.no

<image001.jpg>

<Årsrapport for den offentlige tannhelsetenesta 2018.pdf>



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Camilla Lovise Storøy

Elsebøvegen 9
6091 Fosnavåg

Saksnr
2017/1531

Arkiv
L12

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
UTV / ERLEVIK

Dato
28.03.2019

PLANFORSLAG TIL AVGRENSA HØYRING/OFFENTLEG ETTERSYN: REGULERINGSENDRING FOR BERGSHAUGEN NORD, GNR. 28, BNR. 6 M. FL.

Vedlagt følger planforslag til reguleringsendring for Bergshaugen nord (gnr. 28, bnr. 6 m. fl.) for ei avgrensa høyring til følgjande råd og utval:

- Barnerepresentanten v/Camilla Storøy
- Ungdområdet
- Eldrerådet
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Komite for oppvekst
- Maritim og teknisk komite
- Komite for næring, kultur og oppvekst
- Komite for helse og omsorg

Planforslaget inneheld følgjande saksdokument: Plankart, planføresegner og planomtale.

Om de har innspel i saka, ber vi om at desse vert sende skriftleg til **Herøy kommune, utviklingsavdelinga, Pb 274, 6099 Fosnavåg** eller pr. e-post til postmottak@heroy.kommune.no **innan 16. mai 2019.**

Med helsing

Ole Magne Rotevatn
Avdelingsleiar

Erlend Sporstøl Vikestrand
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Reguleringsføresegner – reguleringsendring av områdereguleringsplan for indre Bergsøy

Reguleringsendring for Bergshaugen Nord, gnr. 28, bnr. 6 m. fl.

§ 1 – Avgrensning av planområdet

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Egedomar dette gjeld er delar av gnr. 26, bnr. 6 og delar av gnr. 30, bnr. 105. Innanfor grensene skal areala nyttast og bygningane plasserast som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - Andre bestemmelsar

Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner. Desse føresegner er juridisk bindande saman med plankartet datert 28.02.2019.

§ 3 - Privatrettslege avtalar

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFORMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar plan- og bygningslova til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (PBL. § 12 – 5, nr.1)

- Bustader - konsentrerte småhus (KS16)

- Leikeplass (LP1)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12 – 5, nr. 2)

- Køyreveg (V)

- Gang- og sykkelveg (GS)

- Annan veggrunn – tekniske anlegg

- Annan veggrunn – grøntareal

§ 5 – FELLESFØRESEGNER

a. Reguleringsendringa fastset hovudstrukturen for utbyggingsmønsteret. I tillegg til dei viste vegane kan mindre korte tilkomstvegar takast inn i planen som følgje av situasjonsplan i byggesak.

b. Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense. BYA gir tillatt bebyggd areal i prosent av tomta sitt nettoareal.

c. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.

d. Prinsippa bak universell utforming skal leggast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.

e. Innafor byggeområdet kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar, der nødvendig. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området. Det skal plasserast brannkum innanfor planområdet. Plassering av denne skal synast i situasjonsplan.

f. For område som er utsett for støy ut over grenseverdiane for ny bustadbygging, jf rettleiar T-1442 frå Miljøverndepartementet, skal tiltakshavar dokumentere støysituasjonen i samband med søknad om tiltak. Soverom skal ha vindu til ei side der støynivået er $L_{den}=55$ dB eller mindre. Private uteareal (MUA) skal leggast på leside av støykjelda. Viser elles til desse føresegnene sine § 15 vedkomande rekkjefølgje.

§ 6 – SITUASJONSPLAN, PBL § 12-3

Ved byggesøknad for KS- området skal det utarbeidast ein samla situasjonsplan. Situasjonsplan skal godkjennast av kommunen før utbygging kan skje, jf. også rekkjefølgjekrava i desse føresegnene sin § 10. Planane skal utarbeidast i henhold til Miljøverndepartementets retningslinjer og skal fastlegge arealbruk, bygge- og fellesområde og høgder. Som prinsipp for utbygging av konsentrerte småhusområde skal livsløpsstandard/universell utforming leggast til grunn. Universell utforming skal også leggast til grunn for utforming leikeplassar, jf. TEK.

§ 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr.1)

1. Generelt

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming.

Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, i hht ei kvar tid gjeldande kommunale krav.

På situasjonsplan skal plassering av overbygd parkering (garasje og/eller carport (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.

Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):

- KS - område: minimum BYA 25 % og maksimum BYA 40 %.

Dersom garasje og/eller carport ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m² pr. bilplass.

Som minste opphaldsareal ute (MUA) på den enkelte tomt innan KS-området skal det setjast av min. 15 m² eigna areal for leik per buening. Arealet skal gå fram av situasjonsplan. Innan KS-område skal areal til MUA samlast i område med minimum netto leikeareal på 60 m².

2. Bustader – konsentrerte småhus

a. I område KS16 kan det byggjast totalt (12) bueiningar der plassering av desse skal skje innanfor byggegrensen som vist på plankartet. Plassering utover dette skal avklarast i byggjesak. KS16 skal planleggjast under eitt, men kan byggjast ut i trinn. Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.

b. I område KS16 skal bustadhus ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m.

I område KS16 skal garasjar/ carportar ikkje ha større gesimshøgde enn 3 m og mønehøgde ikkje over 4,5 m. Plassering av garasjar/ carport skal synast i situasjonsplan i byggesak. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

c. Ved val av takvinkel skal eksisterande/kringliggande bustadhus takast omsyn til. Dette slik at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for arkitektoniske uttrykk i frå vår tid. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne.

3. Leikeplass

Området merka LP1 er felles for tilgrensande tomter innanfor området. Leikeplassen skal ved utbygging setjast i ein slik stand at dei er eigna for leik og opphald. Leikearealet skal utførast som rekreasjons- og leikeområde. Prinsippa om universell utforming skal så langt råd, leggjast til grunn slik at leikeplassen heilt eller delvis kan nyttast av alle.

Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Leikeplassen skal opparbeidast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande forskrift om leikeplassutstyr.

Leikeplassen skal ha areal og utstyr nok til varierte aktivitetar som fremjar rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring og moglegheit for læring og meistring.

Nærleikeplass (felles) skal etablerast jf. plasseringa i planen (plankart), der minst 250m² av arealet skal settast av til leik. Leikeplassen skal opparbeidast og møblerast med minst tre leikeapparat, benk og noko fast dekke. På nærleikeplassen skal leik for barn i alderen 1-7 år prioriterast.

§ 8 Uteareal tilhøyrande byggjeareal

a. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmaende skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.

b. Ein skal i størst mogleg grad søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen krevje at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

c. Evt. utelagring kan berre tillast dersom funksjonane vert skjerma av vegetasjon, gjerde eller overdekkande bygning. Dette må vurderast i kvar enkelt sak og ut i frå funksjon og omfang. Skjermingstiltak skal godkjennast av kommunen.

d. Opphaldsareal ute skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget.

e. Ved evt. trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon e. l. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.

f. Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen. Det skal vere plassert brannkum med god tilkomst for utrykkingskøyretøy.

g. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

h. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsløse gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisiktlinjer.

§ 9 - SAMF.ANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 2)

I offentlege trafikkområde skal det byggjast:

- køyreveg med tilhøyrande areal
- gang-/sykkelveg med tilhøyrande areal
- annan veggrunn - tekniske anlegg
- annan veggrunn - grøntareal

Følgjande vegar er vist som felles vegar (f_V): V19.


I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. kap. 16. Vist skråningsutslag på plankartet kan endrast som følgje av nærare detaljprosjektering. I vegareal og gangvegareal kan det leggjast VA-leidningar, EL-, tele- og fiberkablar.

§ 10 – REKKJEFØLGJEKRAV (PBL. § 12-7, nr. 10)

a. Det vert vist til føresegnene § 7 vedrørende område med krav om situasjonsplan. Før frådelling og utbygging kan finne stad innan dei nemnde områda skal kommunen ha godkjent situasjonsplan for området.

b. Felles nærleikeplass skal vere ferdig opparbeidd og møblert jf. § 7.2 i desse føresegnene før bruksløyve for første bueining vert gjeve.

28.02.2019



KS16
3.38 daa
%-BYA=40%

f_LP1
Leik 0.39 daa

5.0

R=10.0
V19

Bergslibakken

Eldar Lillerovde Detaljregulering Bergshaugen nord 28/6				Eldar Lillerovde	
Dato	Konstr./Regnet	Godkjent	Målestokk	Erstatning for: Erstattet av:	
14.03.2018	Azt	Azt	1:500		
0 5m 10m 15m 20m					
Plankart ME Mindre endring PBL § 12-14				902	
Revidert 28.02.2019					
Henvisning:		Beregning:		B. Tarberg AS	

PLANOMTALE REGULERINGSENDRING BERGSHAUGEN NORD (GNR. 28, BNR. 6 M. FL).

**«Områdereguleringsplan for indre Bergsøy (plan ID 201247
- reguleringsendring av føresegner og plankart knytt til
område FS11 og f_V19 – plan- og bygningsloven (PBL) §
12-14»**

REGULERINGSENDRING AV OMRÅDEREGULERINGSPLAN PBL § 12-14

Planarbeid, planprosess og vurdering i høve konsekvensutgreiing (KU)

Det har tidlegare vore søkt om oppstart av privat planarbeid med sikte på utviding av området FS11 til å omfatte LNF-formål og omdisponering av dette til bustadformål. I F-sak 14/18 gav formannskapet avslaget på søknad om oppstart.


Grunneigar ynskjer i staden å sjå på moglegheitene for ei anna utnytting av området FS11 i gjeldande områdereguleringsplan. I tillegg til dette ynskjer grunneigar avklaringar på ein del spørsmål som vedkjem infrastruktur, grunnnerverv og offentlege interesser i området.

Den omsøkte endringa (konsentrert utnytting) er ikkje i samsvar med formål som allereie eksisterer i dagens områdereguleringsplan (frittstående bebyggelse). Planendringa vil gjerast innanfor rammene til avsett byggeområde i gjeldande reguleringsplan. Endringa vil ikkje ha vesentlege verknader for miljø og samfunn og, ein vurderer det derfor til å ikkje vere krav om konsekvensutgreiing.

Planområdet, avgrensing og verknader utover planen

Endringa vil omfatte ei tekstendring av reguleringsføresegnene til gjeldande plan og ei endring av formål i plankart og føresegner frå frittliggande bustadformål til konsentrert bustadformål. Planområdet omfattar eigedomane gnr/bnr 28/6 (Lillerovde) og 30/105 (Storøy).

Planområdet er om lag 3.8 daa stort. Det er foreslått at det nye området blir KS-område (KS16). Endringa vil ikkje få særskilte verknader utover planen etter det vi er kjende med. Det er ingen vesentlege interesser som vert berørt av planinitiativet slik som vi ser det.



Figur 1: Gjeldande plansituasjon (områdeplan for indre Bergsøy, plan ID 201247).




Figur 2: Flyfoto av eigedomar som inngår i planområdet

Bakgrunn

Forslagstiller har vore i kontakt med Utviklingsavdelinga i Herøy kommune v/sakshandsamar Ole Magne Rotevatn, der det tidlegare har vore drøfta å søkje om ei mindre endring av gjeldande reguleringsplan etter PBL § 12-14.


Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 13.12.2017 (sjølv om det ikkje er krav til dette etter PBL 12-14 for mindre endringar) og seinare førehandskonferanse i 2018. I desse møta blei det drøfta ei rekkje planfaglege problemstillingar, samt stilt eit par spørsmål rundt infrastruktur i området. Kommunen har uttrykt i møta at dei er positive til planane under visse føresetnader. Planforslaget vart handsama i F-sak 103/18, 29.05.2018. Planforslaget la til rette for etablering av fire firemannsbustader, parkering med carport/garasje samt leike- og uteopphaldsareal (figur 3).



Figur 3: Illustrasjonsplan frå planforslaget som låg til offentlig ettersyn sommaren 2018. Ein har gått bort frå dette forslaget, og redusert talet på bustadhus. Illustrasjonsplanen er teken ut, samstundes som at det går fram av føresegnene at maksimalt tal på bueiningar er 12 einingar (byggegrensar og BYA m.v. er skildra i føresegner og plankart).

Ved offentlig ettersyn av planforslaget kom det inn merknader frå naboar og bebuarar i nærområdet. Naboane meiner planforslaget legg opp til ei for høg utnytting av arealet, og ønskjer at det skal førast opp einmannsbustadar etter gjeldande plan.

Kommunen har omarbeidd planen etter offentlig ettersyn, og redusert talet på firemannsbustader til tre stk. Parkering (deriblant garasje/carport) er flytta lenger frå eigedomsgrensa til naboane og skaper dermed meir avstand mellom naboar og nye bygg. Det reviderte planforslaget reduserer samstundes noko av biltrafikken til området.



Figur 4: 3D illustrasjon (dagens situasjon) frå sørvest.



Figur 5: 3D illustrasjon (dagens situasjon) frå søraust.

Merknader ved offentlig ettersyn

Innspel	Kommentar
<p>Fylkesmannen i Møre og Romsdal: Har ingen spesielle merknader til planforslaget, men påpeikar at det er viktig at det vert sikra god/enkel tilkomst til turstien og friluftsområda kring planområdet</p>	<p>Dette er sikra gjennom områdeplan for indre Bergsøy. Her er det teikna inn tursti, samt ny parkeringsplass i tilknytning til turstien.</p>

<p>Møre og Romsdal Fylkeskommune: Har med utgangspunkt i situasjonsplanen (her meint illustrasjonsplanen) ikkje invendingar til endringane. Det er ei utfordring at illustrasjonsplanen ikkje er bindande. Føreset at kommunen sikrar at leikearealet har tilstrekkeleg storleik, kvalitet og sol.</p>	<p>I revidert planforslag for slutthandsaming er illustrasjonsplanen teke ut og erstatta med eit plankart som syner leikearealet. Det er ikkje krav til illustrasjonsplan. Arealet til leik og opphald tilfredsstill krava til storleik. Det er ikkje gjennomført sol-/skuggeanalyse då leikeplassen er sørvend og det er god avstand til bygningar i sør. Carport/garasje kan ta noko lys frå vestleg del av arealet.</p>
<p>Noregs- vassdrags og energidirektorat (NVE): Ingen merknadar til planforslaget.</p>	
<p>Bebuarar på bergshaugen v/ Fred Prytz:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Bebuarane i nærområdet ønskjer at kommunen står for tidlegare regulering av området (frittstående småhus) og ikkje regulerer til konsentrert utnytting. Her meiner bebuarane i nærområdet at den viktigaste årsaken er auka trafikkmengde, og meiner at vegen ikkje er dimensjonert for auka biltrafikk. Dei siktar vidare til at det manglar gang- og sykkelveg i området og at vegen er mykje brukt som skuleveg og turveg m. m. 2. Vidare syner dei til turstien som startar vest for planområdet, og meiner utbygginga vil råke ved kvaliteten til denne turstien. 3. Syner til at dei som har busett seg i nærleiken har gjort det med bakgrunn i at det har vore regulert til einestadar i området. Her meiner bebuarane at det burde takast omsyn til dei som allereie er etablerte i området. Utbyggjar ønskjer i planforslaget å bygge garasje/ carport 1 meter frå tomtegrensa til næraste naboeigeomar. Dette meiner dei vil råke ved verdien til eksisterande tomter/hus. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vegen (Bergslibakken) har per i dag ikkje samanhengande gang- og sykkelveg til planområdet. Det er regulert fortau til planområdet (områdeplan for indre Bergsøy) og det er sett i gang planområde lenger sør i Bergslibakken for å få eit samanhengande fortau. Reguleringsendringa medfører ei auka trafikkmengde i forhold til det ein kan forvente i gjeldande plan. 2. Turstien til Tverrfjellet er regulert i områdeplan for indre Bergsøy med ny parkeringsplass og startpunkt for stien. Dette vert ikkje endra i reguleringsendringa, men fleirmannsbustader kan syne att i landskapet på ein annan måte en enkeltbustader. 3. Kommunen er samd i at ein skal ta omsyn til nabobebyggelse, særleg når det gjeld reguleringsendringar. Ein foreslår no å ta bort illustrasjonsplanen og justere byggegrensene i plankartet. I tillegg er det sett maksimalt tal på bueiningar i føresegnene til 12 einingar. Dette gjer at ein får ei mindre utnytting og ein har også sikra leike- og uteopphaldsareal i plankart/føresegner.

<p>4. Påpeiker vidare at mange tomter som er regulert til einmannsbustader, vert bygde som tomannsbustader. Her meiner dei Herøy kommune må ta eit standpunkt til korleis ein skal bygge ut slike bustadfelt. Bebuarane syner til at det har vore vanskeleg å få seld fleirmannsbustader i kommunen, og at det er behov for fleire einmannsbustader. Det vert stilt spørsmål ved at kommunen vil tillate bygging av fleirmannsbustader så langt vekk frå Fosnavåg sentrum.</p>	<p>4. Føresegnene i gjeldande plan (områdeplan for indre Bergsøy) legg til rette for to bueiningar i bygningar der det er regulert til frittstående småhusbebyggelse. Kommuneplanen sin arealdel § 2.13 seier at det bør leggjast vekt på sterk utnyttingsgrad og fortetting der det er mogleg i sentrumsnære område (Bergsøya, Kvalsund, Leine og Frøystad).</p>
<p>Følgjebrev (22.10.2018) frå Eldar Lillerovde (tiltakshavar) og Aleksander Z. Tarberg (B. Tarberg AS, konsulent): Følgjebrevet er sendt inn som kommentar/tilsvar til innkomne innspel i offentlig ettersyn.</p> <p>1. Her meiner tiltakshavar/konsulent at forhold som gjeld trafikktryggleiken er forhold som ligg utanfor planen og planområdet. Her syner dei til kommunen si handsaming av klage på plan for Elsebøen og meiner saka må handsamast i frå likheitsprinsippet. Overordna trafikktryggleik i Bergslia er ei kommunal oppgåve.</p> <p>2. Syner til bebuarane sitt innspel på planen si effekt på turstie. Her viser dei vidare til at løypa vil ligge ca. 20 meter frå byggegrensa og at dette må vere akseptabelt ettersom ein følgjer same byggegrense som i gjeldande plan. Syner vidare til positive effekter av utbygging med firemannsbustader.</p>	<p>1. Kommunen er i utgangspunktet samd i at forholdet til gangveg ligg utanfor reguleringsendringa. I klagesaken til detaljreguleringsplan for Elsebø er problemstillinga liknande som for denne planen. Det er regulert fortau til planområdet Bergshaugen nord, og kommunen har sett i gang reguleringsarbeid for å regulere samanhengande fortau langs heile Bergslibakken.</p> <p>2. Syner her til kommentar til bebuarane i nærområdet, punkt 2.</p> <p>3. Byggegrensene er vidareført frå gjeldande plan. Når det gjeld garasjer/ carport kan frittstående garasjer/carport plasserast inn til 1m frå eigedomsgrense. I ein reguleringsprosess er det opp til kommunen å regulere plassering. Etter innspel frå bebuarane i nærområdet meiner kommunen at samla garasje-/carport anlegg skal plasserast innanfor byggegrense på 4m. Når det gjeld skilnad mellom to- og firemannsbustad er kommunen ikkje samd i påstanden om at «skilnaden ikkje er så stor». Å</p>

<p>3. Syner til naboane sine protestar angående byggjegranser og syner til at desse er identiske med gjeldande plan. Plan- og bygningslova tillet bygging av garasjer av ein viss storleik inntil 1m frå nabogrensa. Syner til at det i gjeldande plan er opna for etablering av tomannsbustader og meiner endring frå to- til firemanns ikkje er så stor. Vidare syner dei til allereie godkjent område for fleirmannsbustader for KS9 (områdeplane for indre Bergsøy) og meiner at også denne planen må godkjennast ut i frå likebehandlingsprinsipp.</p> <p>4. Tiltakshavar/konsulent avsluttar med at det er viktig med god arealutnytting i kommunen og syner til at fylkesmannen og fylkeskommunen er positive til planendringa.</p>	<p>samanlikne KS9 feltet med denne reguleringsendringa vert feil, då KS9 vart regulert gjennom områdeplan for indre Bergsøy. Planområdet som no vert regulert er regulert til FS (frittstående busetnad) i same plan. I ei reguleringsendring vert det gjort nye vurderingar og det vert feil å syne til prinsipp om likebehandling i denne samanhengen. Kommunen vel å delvis imøtekomme merknadane frå bebuarane i nærområdet med å redusere utnyttinga, samt å endre plasseringa til garasje-/carportanlegg. Kommunen meiner ein her finn ei balansert løysing mellom tiltakshavar sine ønskje og merknadane frå naboane.</p> <p>4. Kommunen er samd i at god arealutnytting er viktig, jf. føringane i kommuneplanen sin arealdel. Ein legg også til grunn at dei regionale instansane ikkje har kome med innspel på å regulere frå FS til KS (konsentrert utnytting).</p>
--	--

Endring av reguleringsplan (PBL § 12-14)

Planlagt bebyggelse, utbyggingsvolum og byggjehøgder:


Følgjande endringar vert gjort frå områdeplan for indre Bergsøy:

- Endring av arealformål frå FS- område til KS-område (konsentrert bebyggelse frittliggande)
- Ny planlagt bebyggelse vil vere fleirmannsbustader inkl. carporter/garasjer og gjesteparkering.
- Plassering av nye bygningar i ein ny samla tunstruktur med felles utomhusareal og leikeplass i LP1.
- Endring av utnyttingsgrad i reguleringsplan til maksimalt BYA%= 40.
- Regulert felles privat veg 19 vert flytta nærare Bergshaugvegen og avgrensa til avkøyrslø. Nye mindre formål for anna veggrunn og gangveg vert teke inn i plan og plassert der vegen tidlegare låg.
- Nye byggegrenser 4 m parallelt med nye formålsgrenser. Mot offentleg veg i vest er byggegrensa sett til 5 m. Mot leikeplass er avstand 2 meter.

- Ny nærlikeplass på 390 m² plassert på LP1 i byggeområdet, solrikt og i kombinasjon som felles uteområde for nye bueiningar..

Hovudtrekka i reguleringsendringa:


- Endring av arealformål i plankartet til KS16.
- Nye i føresegner for området KS16.
- Ny lokalisering av avkøyrsløse til arealet.
- Ny LP1 leikeplass 0,39 daa.



Figur 6: Reguleringskart som syner regulering til KS område (KS16) og byggegrensar.

Situasjonsplan ved byggesak vil vise:

- Plassering av bygg.
- Parkeringsdekning.
- Lokalisering av parkeringsplassar.
- Møblering av nærleikområde og uteopphaldsareal inkludert leikeapparat (MUA).
- Interne vegsystem og gangstiar



Figur 7: Plankart som viser ny plansituasjon i høve gjeldande plansituasjon kring planområdet. Her ser ein mellom anna at turløypa til Tverrfjellet er sikra gjennom eksisterande plan, og at det er regulert for ny parkering i tilknytning til denne.

Øvrig tema for byggesak og utbygging:

- Plan, snitt og fasadeteikningar av nye bygningar
- Perspektiv av nytt bygningar
- Situasjonsplan
- Lengde- og tverrprofil for tilkomstveg
- Horisontalplan med teksting av profilhøgder veg
- VA-plan for leidningar
- Kumtabell
- Kumskisser
- IN-plan for el og tele

Konsekvensar av reguleringsendringa

Forholdet til overordna planar og retningslinjer

Reguleringsendringa vil ikkje få større konsekvensar for området. Det vert vurdert til at ein tek omsyn til naboeigedomane i sør ved å legge til rette for å plassere nye bygg lengst mogleg nord på 28/6. Noko trafikkauke må påreknast, men her vil ein trekke fram at områdelanen legg til rette for ytterlegare utbygging med tilkomst til same veg (Bergslibakken) lenger nord (B52-feltet i kommuneplanen sin arealdel). Det vert lagt inn eit relativt stort uteopphaldsareal med leikeplass, noko som vurderast som positivt.

Sett i eit overordna perspektiv, vil planinitiativet vere i samsvar med kommunens overordna målsettingar om å styrke busetnaden på Bergsøya, noko som inneber ei fortetting. I kommuneplanens arealdel og samfunnsdelen til kommuneplanen blir det satsa på fleire bustader sentralt i kommunen. Denne reguleringsendringa er i samsvar med desse overordna målsettingane.

Tiltakets verknad på landskap og omgjevnader

Fleire bustader vil generere meir trafikk inn og ut av byggeområdet. Detaljar rundt teknisk infrastruktur må ein kome attende til ved tekniske planar i byggesøknad i forkant av oppstart av utbygging. I samband med utbygging ønskjer forslagstiller ein dialog og avklaringar frå kommunen i høve bruk av offentleg infrastruktur.

Funksjonell og miljømessig kvalitet

Ei utbygging av KS16-området og tilkomstveg fram til byggeområdet vil medføre inngrep i terrenget. Dette vil medføre skjeringar og fyllingar i samband med vegbygging, samt avdekking av vegetasjon og sprenging, planering og utfylling av byggeområde, leikeplass og tilkomstveg.

Ved å avgrense KS-området med byggegrenser, vil ein kunne definere rom for bygningsplassering samstundes som ein også gir rom/fleksibilitet i planen høve plassering av nye bustader. Plassering av leikeplass mot etablert bebyggelse, kan medføre at ein oppnår ein «mjuk overgang» mellom ny og etablert bebyggelse på Bergshaugen. Garasjer eller carportar vil ha ei lågare byggjehøgde enn bustadane og vil bidra til å sleppe sollys og luft frå sør inn til området.

Felles leikeplass og uteopphaldsareal ligg godt plassert utanom biltrafikk og i kombinasjon med for eksempel gjennomgåande leilegheiter vil ein kunne skape eit kvalitativt godt bustadområde, der ein kan oppnå ein trygg og god leikeplass i tillegg til eit stort uteområde. Nye bustader kan med dette plangrepet oppnå ei utnytting på begge langsiden av fasadane i kombinasjon med altan/ terrasse. Ein kan då oppnå ei roleg, privat side med utsyn til natur og ei meir aktiv side med utsyn til felles opphaldsareal.

I forkant av vidare byggesak vil det bli jobba med å oppnå gode estetiske løysingar for det arkitektoniske uttrykket til både nytt bygg og uteområdet, slik at ein på best mogleg måte kan oppnå ei heilskapleg områdeoppfatning. Sentralt her vil vere samanhengen mellom bustader og uteområde, samt gode løysingar i høve parkering og tilkomst.

Samfunnstryggleik og risiko og sårbarheit (ROS)

Ingen særskilte.

Vedlegg:

1. Plankart revidert 28.02.2019
2. Føresegner revidert 28.02.2019.

B. Tarberg AS
v/Aleksander Tarberg,

28.02.2019



Herøy kommune, utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Herøy kommune

Reguleringsendring del av Bergshaugen nord gnr28 bnr6

Opstart

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn

Planområdet ligg på Bergshaugen, i ytterkant av eksisterande bustadfelt. Endringa gjeld utnytting av området FS11 i gjeldande områdereguleringsplan, frå frittstående til konsentrerte bustader. Reguleringsgrensene for endringa omfattar FS11 i gjeldande plan, samt noko mindre areal vest for dette som omfattar areal til veg og gangveg

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Friluftsliv

Det går ein tursti innanfor planområdet. Det må sikrast at det framleis vil vere enkel tilkomst til friluftsområda og stinettet bakanfor planområdet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2017/1531	06.06.2018	69747/2018/REGULERINGSPLAN/1517	Mari Anne Bjørkmann, 71 28 02 40	15.08.2018

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsendring for del av Bergshaugen Nord gbnr 28/6 - fråsegn ved varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfaglege merknader

Med utgangspunkt i situasjonsplanen synes endringane akseptable for vår del. Det kan vere ei utfordring at denne situasjonsplanen ikkje er bindande; det er eit krav til situasjonsplan. Vi har ikkje ettersett kva krav områdereguleringa stiller til situasjonsplan, med føreset at kommunen sikrar at leikearealet har tilstrekkeleg storleik, kvalitet og sol.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Mari Anne Bjørkmann
rådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 26.06.2018
Vår ref.: 201835663-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 06.06.2018
Dykkar ref.: 2017/1531

Sakshandsamar:
Ole-Jakob Sande

NVE si generelle fråsegn - Offentleg ettersyn - Reguleringsendring del av Bergshaugen nord - GBnr 28/6 - Bustadar - Herøy kommune

Viser til brev datert 06.06.2018.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (PBL).

NVE prioriterer å gi uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](#), der vi ber kommunen om å skrive tydeleg i oversendingsbrevet kva ein eventuelt ynskjer hjelp til i den enkelte sak. I denne saka kan vi ikkje sjå at det er bede om slik hjelp. NVE gjev difor ikkje konkret fråsegn i denne saka.

For generell informasjon og rettleiing knytt til NVE sine saksområde syner vi til NVE sin rettleiar [«2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområde i arealplanlegging»](#), og anna rettleiingsmaterieill på NVE sine nettsider www.nve.no/arealplan.

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt tilstrekkelig omsyn til flaum- og skredfare i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar, slik at ny utbygging blir tilstrekkeleg sikker. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

Dersom det likevel er trong for NVE si hjelp i saka kan NVE Region Vest kontaktast med ein konkret førespurnad.

Med helsing

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Bright Samdal
regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Fra: Brit Berge[Brit.Berge@heroy.kommune.no]

Sendt: 17.08.2018 13:49:17

Til: Brit Berge

Tittel: VS: Klage på reguleringsendring for del av Bergshaugen Nord, gnr. 28, bnr. 6 m.fl.

Fra: Fred <theprytz@gmail.com>

Sendt: 17. august 2018 11:41

Til: Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>; Erlend Sporstøl Vikestrand <erlend.sporstol.vikestrand@heroy.kommune.no>

Emne: Klage på reguleringsendring for del av Bergshaugen Nord, gnr. 28, bnr. 6 m.fl.

Innspel til F-sak 103/18, reguleringsendring av Bergshaugen Nord, gnr. 28, bnr. 6 m.fl.

29. mai 2018 godtok Formannskapet i Herøy kommune ei reguleringsendring av Bergshaugen Nord, gnr. 28, bnr. 6. Reguleringsendringa gjekk ut på at ein i staden for å byggje 3-4 einebustadar, no skal byggje 4 firemannsbustadar. Om ein reknar forsiktig er dette ei endring frå 6-8 bilar til mellom 16 og 32 bilar som dagleg skal køyre opp og ned frå Hjelmeseth på ein allereie hardt presse veg for mjuke trafikantar.

Vi som bur i nærområdet set store spørsmålsteikn ved denne avgjerdsla, som verkar på oss som kun vere vurdert ut frå privatøkonomisk perspektiv. Det er mykje som talar imot å byggje firemannsbustadar på Bergshaugen Nord.

Den største årsaka til at vi meiner dette er feil er trafikk-tryggleiken. Allereie no er trafikktryggleiken dårleg. Kvar dag er det mange born som brukar vegen i området som skuleveg, til og frå trening, leik osv. Vegen er trong og har hverken gong-/sykkelsti eller fartsdumper. Etter utbyggjinga av turstien har vi merka ein veldig stor auke i biltrafikken, samt ei stor auke i mjuke trafikantar (til og frå turstien). Om det no skal ferdast enda fleire bilar kvar dag på denne vegen som følgje av utbyggjinga, vil faren for ulukke auke kraftig. Vegen er rett og slett ikkje dimensjonert for den stadig aukande trafikken. Dette gjeld ikkje berre oss som bur her oppe på toppen, men også dei som bur heilt nede ved krysset til skulane, som også vil merke denne auken. Vi har hatt mange stygge nestenulykker her oppe p.g.a. den trafikale situasjonen, men vi har ingen born å miste!!

Ei anna viktig årsak er turstien. Innbyggjarane i Herøy kommune har alle fått eit fantastisk område for rekreasjon, og som i tillegg er tilgjengeleg for omlag alle uansett alder eller fysisk tilstand. Ein viktig grunn for turstien sin suksesser nett det at ein kan køyre heilt fram til starten på stien og parkere der, men dette har hatt sin pris i sterk auke av trafikk til og frå område. Dette område og freden som rår her oppe gagnar alle, ikkje minst alle som går på tur her og nyttar stien dagleg. Vi som bur i nærområde meiner at turstien er med på å auke trivselen i området, og mange ønskjer at det vert satsa endå meir i område med vidare utvikling av rekreasjons-område. Etter dei nye planane må byrjinga flyttast lengre mot Heidbana. Utsikta i starten/slutten (alt etter kva retning ein går) av stien vil vere rett i husveggen til firemannsbustadane.

Den tredje årsaka vi vil peike på er at området vart regulert for einebustadar, og ikkje fleirmannsbustadar. Mange av oss som har busett oss her oppe, kjøpte tomt nettopp fordi dette var eit område som var regulert til dette føremålet (einebustadar). Det burde takast omsyn til dei bustadane som allereie er her, til veg, tursti-/område og alle dei mjuke trafikantane. Utnyttingsgrada er allereie stor nok. Omsynet til naboar, naturen, sikkerheita og naturstien bør gå framføre ynskje om å tjene mest mogleg pengar. Å skulle byggje 4 stk firemannsbustadar i enden av eit byggjefelt og i starten av ein

tursti vil forringe både verdien på heile område, både som nabolag, og rekreasjonsområde, dei nærliggande husa, samt trafikk-tryggleiken. Ein del av verdien i området ligg i det store «friområdet» som ligg her oppe. Ved å byggje ut med denne typen boligar, vil ein forringe kvaliteten og fjerne ein stor del av det som i utgangspunktet lokka småbarnsfamiliar hit.

Vi vil også påpeike at mange tomter som i utgangspunktet var tiltenkte einebustadar endte opp som tomannsbustadar. No er tomannsbustadar komne for å bli i dei fleste byggjefelt, men på eit eller anna tidspunkt må Herøy kommune bestemme seg for korleis ein skal utbyggje slike felt, om det er ein kommunal plan som skal stå for reguleringane eller om det er privatøkonomien til kvar enkelt eigar av ei tomt?

Vi vil også trekkje fram at det i den seinare tida er bygd fleire fleirmannsbustadar i Herøy. Mange av dei har det vore vanskeleg å få selde. Berre sjå på tomannsbustadane Bergslibakken 3, 5, 7 og 9. Det tok over eit år å få solgt alle. Eller Nedre Hjelmesetveg 2, der er det framleis ledige leilegheiter (ledig). Det er fleire byggjeprojekt med fleirbustadar, som ved Huldalbana og på Vågsholmen. Fosnavåg treng fleire tomter til einebustader, difor er det viktig å behalde desse tomtene til einebustader.

Det er ofte referert til at vi treng sentrumsnære bustadar, vi ser på Bergshaugen og Bergslia som skulenære tomter. Det er også umiddelbar nærleik til lagidrett og badeland, typiske område for barnefamiliar. Vi set spørsmålsteikn ved at kommunen vil tillate utbyggjing av fleirmannsbustader i eit slikt omfang så langt vekk frå Fosnavåg bysentrum.

Utbyggjar har søkt om å få byggja nærare tomtegrensa. Utbyggjar vil søkje om å få flytte frå 4 meter frå tomtegrensa, til 1 meter frå tomtegrensa. Ved å tillate dette vil dei som bur nærast risikere å få veggen på eit garasje/carport-anlegg 1 meter frå tomtegrensa. Ingen vil ha eit garasje/carport-anlegg nesten inn i hagen sin?. Det kan få taksten på dei eksisterande tomtene/husa til å gå ned.

Sjølv om vi ikkje ønsker nye bustader der, har vi forståing for at kommunen må tillate utbyggjing av slike område på grunn av totemangelen på Bergsøya. Vi vil at kommunen ser på området i si heilheit og helst tillèt einebustadar og ikkje fleirmannsbustadar. Vi ynskjer at kommunen står for sin tidlige regulering av området, og står for ei langsiktig regulering av Herøy kommune.

Mvh

Oss som bur på Bergshaugen, vi som bur langsmed vegen, turgåarar og andre engasjerte innbyggjarar i Herøy kommune.

** **PS!** P.g.a. fellesferie var det nokre som ikkje hadde høve til å signere før fristen for klagen gjekk ut. Treng de namn/signatur på vedkomande håper vi at vi kan få høve til å ettersende det slik at også dei vert "synlege" i sitt engasjement?*

Namna på dei vi veit som ikkje fekk høve til å signere er:

Ingrid Kvalsvik Haldor Frøystad Elisabeth Voldsund Her er også potensielt mange fleire som ville signert, men som vi desverre ikkje har fått kontakt med før fristen, då dei enten har vore på ferie, jobb, ikkje vore heime ved besøk, ikkje fått svar på tlf., facebook-mld. osv.

*** Her er også eit innspel vi vart bedt om å ta med frå **Robert Voldnes**:*

Innspel Bergshagen Nord.

Vi i Berasliaområdet har fått spørsmål om kva vi meiner om den varsla omreguleringa frå einebustadar til firemannsbustader.

Ea er kiend med klaeskrivet som sirkulerer og har avstått frå å sianere det. Ea føler ikkie at ea som ikkie er direkte berørt er berettiga å uttale meg om sjølv endringa. Men eg skjønar at dei berørte i nærområdet reagerer.

Eg er mest oppteken av den trafikkauka dette og ev andre utbyggingar kan medføre i heile feltet.

Alt no er det ein svært stor trafikk i krusset her i Nedre Bergslia, og folk held ofte stor fart og kuttar svingen. Tilkomstvegen er heller ikkje breidare enn nødvendig.

Her er ikkje anbefelt herifrå og oppover, so det er ikkje særleg lagt til rette for trygg ferdsel for mjuke trafikkantar store deler av vegen. Som kjent er det og auka trafikk til turstien.

*Mvh
Robert Voldnes
Nedre Bergslia 3*

Jan Vol K Hansen

Kristin R Gjerde

Camilla Bakke

Tom Cato Nesset

Fred Prests

Syngene Kallekleiv

Mani Kvalsund Hansen

Tom-Dagfinn R. Gjerde

Aina F. Elissen

Are Voldsund Peltun

Tom Aasen

Jan Aasen

Irene S. Remøyholm

Rolf-Ole Remøyholm

Linda Frantson

Kida Kvalund

Siv Karin O. Kvalsund

Sebastian Frøynd

Aylin V. Pella

Jan Bostad

Unni H. Bostad

Opvrid Børkel

R. O. O.

Kjetil Moe

Vegard Fagerlund

Anne Sofie Volanes

Per Steinar Rende

Arnbild Gishe Rende

Maute S. Hilde

Monome Vrogh Redesen

Vivian Hakonsholm

Otto Scard

Vegard Hakonsholm

Scun-Arne Abrahamson

Olund Barndal

Gerhard Larsen

Linda Bellie

Stine Berge

Tenje Luma

Veje A Nyop

Marta Jennie Holkestad

An Cathu Hjelmvath

Alf Holkestad

Sebjorn Sundnes

Karl Holkestad

Hvya Glenn Leine

Ann-Kathrin Aarom

Magne Appelanting

Jan Magne Johann

Karete Johannessen

Bergshaugen nord, vurdering av merknad frå bebuarane i området:

Merknad frå bebuarane i området som gjeld trafikktryggleik og manglande fortau og breidde på veg, er forhold som ligg utanfor planområdet og som ikkje er ein del av denne reguleringa. Ein stiller seg her bak kommunen sine vurderingar i handsaming av klage på plan for Elsebøen og meiner denne saka må handsamast ut i frå likheitsprinsippet. Overordna trafikktryggleik i Bergslia/Bergshaugen, som å sikre areal til fortau og bygging av dette, er ei kommunal oppgåve og har ikkje noko med denne reguleringsendringa å gjere.

Når det gjeld vurderinga om avstand til turstien (Heidløypa), så viser ein til at løypa vil ligge ca 20 meter frå byggegrensa til turstien. Dette må vere akseptabel avstand ettersom godkjent tomannsbustad har byggegrenser som tillet å bygge nærare turstien.

Ved utbygging av tomteområdet er det gjort vurderingar om tiltakshavar bør bygge tilkomst fram til tomteområdet med veg og fortau slik det er regulert. Denne løysinga er vekta opp mot interessene rundt eksisterande tursti (Heidløypa) i området og ein har kome til at det å bevare turløype slik den ligg i dag er viktigare enn fortau og veg fram til tomteområdet. Ny tilkomstveg vil då bli bygd med ein enklare standard for å skåne turløypa. Dette meiner ein vil vere den mest hensiktsmessige måten å gjere det på.

Når det gjeld utbygging av tomteområdet så vil ein vise til alle dei positive delane som vil kome av utbygginga:

- Ny leikeplass sentralt plassert for barn og unge.
- Nye leilegheiter, eit variert butilbod for fleire brukargrupper
- Fleire innbyggjarar til kommunen som grunnlag for vidare vekst og utvikling
- Bygging av nye leilegheiter med for eksempel 3 soverom vil kunne skape butilbod til småbarnsfamiliar, noko som vil vere eit positiv tilvekst til området på Bergshaugen.

Når det gjeld merknad om tomteområdet, så er det i områdeplan for indre Bergsøy regulert til byggeområde FS11. Der er det byggegrenser mot eksisterande hus som bestemmer kor nær ein kan byggje husa. Byggegrensene vert vidareført i ny plan for tomteområdet. På dette punktet vil det ikkje vere noko endring i planane. Naboane kan ikkje protestere på noko som allereie er bestemt i godkjend plan.

Plan- og bygningslova tillet bygging av garasjer av ein viss storleik inntil 1 m frå nabogrensa.

For dette prosjektet vil endringa i reguleringsplan vere: utnyttingsgrad, type bebyggelse og flytting av avkøyrsløp.

Når det gjeld vurderingane av konsentrert bebyggelse (fleirmannsbustader) og frittliggjande bebyggelse (einebustader) så viser ein til det i gjeldande plan er opna for at det kan byggast 2 mannbustader på området FS11. Dette står i gjeldande føresegner. Med bakgrunn i at det allereie er godkjent bygging av tomannsbustader, så meiner ein at det ikkje vil vere så stor skilnad på å tillate firemannsbustader.

Vidare viser ein til at det allereie er godkjent tomtområde for fleirmannsbustader på Bergshaugen området KS9. Bebuarane på Bergshaugen har ikkje nemnd dette området i sine merknader. Når det allereie er godkjent område for slik type bebyggelse i området, så meiner ein at det må vere likebehandling og at dette tomteområdet også bør kunne godkjennast.

Avslutningsvis vil ein framheve at det vil vere svært viktig med ei god arealutnytting av dei byggeområda som er disponible i Herøy kommune. Sjølv om det har kome merknader frå naboar i


området, så viser uttalar frå fylkeskommunen og fylkesmannen at dei ser positive på denne planendringa, noko som understreker kor viktig det her er med fortetting og god arealutnytting i sentrale områder som på Bergshaugen.

Vi ber om at planavdelinga fremjar denne reguleringsendringa for godkjenning og at dette brevet blir lagt ved til politikarane for behandling.

MVH,,

Eldar Lillerovde (tiltakshavar)

Aleksander Z. Tarberg (B.Tarberg AS).




«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST «POSTSTED»
»

Saksnr Arkiv Dykkar ref Avd /sakshandsamar Dato
2018/304 L12 «REF» UTV / ERLEVIK 13.03.2019

VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSARBEID: DETALJREGULERINGSPLAN FOR FOSNAVÅG HAMN-NØRVÅGEN

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8 vert det varsla oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for etablering av massedeponi, nytt næringsareal og nye kaier i indre del av Fosnavåg hamn. Planområdet strekk seg over følgjande eigedomar som synt i figuren under (delar av, eller heile gnr/bnr): 33/5, 33/30, 33/135, 33/136 og 33/137.



Figur 1: Planområdet er markert i raudt.

Bakgrunn og mål for planarbeidet:

Bakgrunnen for planarbeidet er ønskje om å utdjupe hamnebassenget og innsegling frå dagens -6 meter til -8,3 meter. Prosjektet ligg per i dag inne i nasjonal transportplan (NTP) med prioritet for perioden 2024-29. Herøy kommune har tidlegare regulert to område for deponering av mudringsmasse. Dette er masse som er sterkt forureina og



som må deponerast i godkjende strandkantdeponi. I arbeidet med forprosjektet vart det konkludert med at ytre deponi ikkje er mogleg å bruke. Målet med den nye reguleringsprosessen er å legge til rette for eitt samla deponi i indre hamn.

Konsekvensutgreiing og planprogram:

Herøy kommune har vurdert tiltaket etter «forskrift om konsekvensutredning for plan og bygningsloven». I tillegg har kommunen vore i dialog med Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Kommunen og fylkesmannen vurderer det til at det ikkje er naudsynt med ei ny konsekvensutgreiing av tiltaket, då dette er gjort i detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, indre hamn (plan ID 1515-201605). Oppstart av planarbeidet vert gjort utan høyring av planprogram.

Innspeil til oppstart av reguleringsplanarbeid:

Grunneigarar, naboar og regionale mynde vert varsla i eige brev. I tillegg er saksdokumenta lagt ut på kommunen sine heimesider og i servicetorget på Herøy rådhus.

Merknader/innspeil til saka skal sendast skriftleg til:

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Eller per e-post til: postmottak@heroy.kommune.no

Frist for innspeil er sett til 10. mai 2019.

Med helsing

Ole Magne Rotevatn
Avdelingsleiar utvikling

Erlend Sporstøl Vikestrand
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2018/304
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
41/19	Formannskapet	12.03.2019

OPPSTART AV PLANARBEID - DETALJREGULERINGSPLAN FOR FOSNAVÅG HAMN - NØRVÅGEN

Tilråding:

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova §12-8, å melde oppstart av planarbeid (detaljregulering etter pbl. 12-3) for Fosnavåg hamn – Nørvågen.

Regionale mynde og berørte partar skal varslast om oppstart i eige brev med seks veker frist for innspel.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 12.03.2019

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova §12-8, å melde oppstart av planarbeid (detaljregulering etter pbl. 12-3) for Fosnavåg hamn – Nørvågen.

Regionale mynde og berørte partar skal varslast om oppstart i eige brev med seks veker frist for innspel.


Særutskrift:
Utviklingsavdelinga

Vedlegg:

- 1 Forvarsling oppstart av planarbeid i Fosnavåg hamn - Nørvågen
- 2 Sjekkliste ROS

Saksopplysningar:


Herøy kommune ønskjer å starte reguleringsarbeid (detaljregulering etter plan- og bygningslova §12-3 for eit avgrensa område i indre del av Fosnavåg hamn, Nørvågen. Målet med reguleringa er å legge til rette for eit samla deponi for ureine masser i forbindeles med utdjuping av Fosnavåg hamn. I tillegg er det planlagt å regulere for nytt næringsareal på nytt grunnnivå over deponiet, samt nye kaier i front.



Figur 1: Planområde i Fosnavågen, markert i raudt.

Gjeldande plan og status:

Området som no skal regulerast er i hovudsak sjøarealet som ligg søraust i Fosnavåg hamn, mot Nørvågen. Arealet er i dag regulert gjennom områdeplan for Fosnavåg hamn (plan ID 201263) til hamneområde i sjø. På landsida er arealet regulert til næringsformål (NF-3), spesifikt fiskeriretta næring. Lengst mot vest er det regulert til hamneområde og kai i detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, indre hamn (plan ID 201605).



Figur 2: Gjeldande planstatus. Her ser ein mellom anna detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, indre hamn (plan ID 201605) som la til rette for deponi (gul, stipla) i indre hamn med ei todelt deponiløysing (indre- og ytre hamn). Målet med den nye reguleringa er å utvide dette området slik at deponiet kan samlast i eitt over heile vågen.

Målet med den nye reguleringa er som tidlegare skildra å legge til rette for eitt samla deponi i indre hamn. Landareala rundt er i hovudsak tenkt vidareført frå gjeldande plan (næring).

Vurdering:

Planprogram og konsekvensutgreiing

Herøy kommune har vurdert tiltaket etter «Forskrift om konsekvensutredning for plan- og bygningsloven». I dialog med Fylkesmannen i Møre og Romsdal er det vurdert til at dette ikkje er naudsynt, då det ligg føre ei konsekvensutgreiing til detaljreguleringsplan for indre hamn (201605) som også vil dekkje dei tema som vert aktuelle for den nye reguleringa. Den nye planen vil i praksis bygge på mange av dei vurderingane som er gjort i den førre planprosessen.

Medverknad

Det vert lagt opp til medverknad på fleire nivå under planprosessen. Ein ønskjer god kontakt med fylkeskommune, fylkesmann og andre regionale mynde og høyringsorgan, berørte partar, interessegrupper og andre. Informasjon og medverknad elles i planprosessen vil bli sikra på vanleg måte ved offentleg ettersyn etter plan- og bygningslova.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at det vert meldt oppstart av planarbeid i Fosnavåg hamn, med sikte på å legge til rette for etableringa av deponi for ureine masser, samt nytt næringsareal og kaier.

Fosnavåg, 06.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Ole Magne Rotevatn
Avd.leiar


Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand

Forvarsling av reguleringsarbeid for Fosnavåg hamn – Nørvågen

Til alle høyringspartar

Varsel om oppstart på reguleringsarbeid:

I samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 12-3 og §12-8 gjer vi med dette det kjent at det vert starta opp arbeid med detaljregulering for eit avgrensa område knytt til Fosnavåg hamn og Nørvågen i Herøy kommune. Området er i dag avsett til næringsføremål i «områdeplan for Fosnavåg hamn» (plan ID 201263). Forslag til planområde er vist i figur 1 (under).




Figur 1: Plangrense (svart stipla linje) ved oppstart av detaljregulering. Grensa går langs Nørvågevegen (men inkluderer ikkje vegen).


Planområdet omfattar eigedomane (gnr./bnr.) 33/30 og del av 33/5.

Formålet med reguleringa er å utvide/bygge vidare på «detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, indre hamn» (plan ID 201605). Herøy kommune ønskjer å legge til rette for etablering av strandkantdeponi for ureine masser i forbindelse med utdjuiping og muddring av hamnebassenget og innseglinga til Fosnavåg hamn. I reguleringsplan for indre hamn (201605) er den vestlege delen av indre hamn

regulert til deponi. Med å regulere den austlege delen er målet å legge til rette for eitt samanhengande strandkantdeponi for indre hamn (figur 2).



Figur 2: Her ser ein det regulerte deponiet frå reguleringsplan for indre hamn (201605) i gul skravur med regulert kailinje i blått mot hamnebasenget. Raud inntegning viser planområde for det nye reguleringsarbeidet.



Figur 3: Arbeidsskisse frå Multiconsult sin forprosjektrapport syner korleis dette deponiet er tenkt utvida mot landfeste i austleg del av hamna (Nørvågen). Deponiet skal etablerast med cellespuntar. Dette er sirkulære stålspuntar som vert fylde med ureine masser, samt at det vert plassert ureine

masser i bakkant mot land. Nye kaier kan etablerast rett over cellene når toppdekket er lagt og massene er stabile. Her er det gamle båtopptrekket på 33/30 bevart for framtidig bruk.

Forhold til gjeldande plan:

Detaljreguleringa vil i hovudsak føre vidare arealformåla for næring på land frå gjeldande områdereguleringsplan. Det kan vere aktuelt å regulere for kombinert bruk i delar av planområdet, på same måte som for detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, indre hamn (plan ID201605). Det vil verte regulert for deponering av forureina masse på areal der det i dag er sjøareal.

Herøy kommune, utviklingsavdelinga

Februar 2019.

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Plan- og bygningslova § 28-1 fastset krav om sikker byggegrunn, og § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga.

Føremålet er å gje grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan òg oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Klimaendringane er forventa å påverke framtidig risiko og sårbarheit, og ROS-analysen må difor vurdere konsekvensar av klimaendringane. Fylkesmannen har lagt ved nokre sjekkpunktar på siste side i dette dokumentet som kan vere til hjelp når klimatilpassing skal vurderast.

Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for, og oppsummering av, risiko og sårbarheit i arealplansaker. *Sjekklista er ikkje i seg sjølv ein ROS-analyse.* For å kvittere ut spørsmåla i sjekklista, må det gjerast sjølvstendige vurderingar. Dersom ein er usikker på om det føreligg risiko, skal det hentast inn fagkyndig vurdering. Alle står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gjev størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande vurdering av avdekte forhold. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker, jf. krava i pbl. § 28-1.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

Fylkesmannen har samla dokument og lenkjer til bruk i arealplanlegginga her:

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/>

GisLink gjev tilgang til kart- og faginformatjon til bruk i arealplanlegginga:

<http://www.gislink.no>

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Namn på tiltak/plan: Detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn - Nørvågen

Naturgitte forhold	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	<i>Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg. Grunnge NEI etter behov.</i>				
	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?		x	Jf. undersøkingar i NVE rapport 61/2016
	B	Er området utsett for større fjellskred?		x	Same som over
	c	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		x	Same som over. Området ligg innerst i Fosnavågen. Området er skjerma av ein terskel ytst i hamnebassenget
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		x	Området er kartlagt gjennom fleire faser av NGI, Rambøll og Multiconsult. Det er ikkje konkludert med fare for ustabile grunnforhold.
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		x	
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyning i kjellar osv?		x	
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		x	
	H	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?	x		Området som skal regulerast ligg i hovudsak i sjø. Det er forutsett at ei ny fylling skal dimensjonast jf. DSB sin rettleiar for havnivåstigning og stormflo.
I	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		x		
j	Anna (Spesifiser)?				

Omgjevnad	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		x	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		x	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyning i lågare-liggande område?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

Vass-forsyning	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		x	

	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		x	
	c	Anna (spesifiser)?			
Kraft- forsyning		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4µT frå høgsentliner?		x	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgsentmaster?		x	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

Samferdsel		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?	x		Hamna er grunn, noko som medfører stor risiko for skipstrafikken. Formålet med reguleringa er å legge til rette for deponering av massar som skal takast ut av hamnebassenget for å gjere hamna djupare og dermed trygge ferdsel.
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	x		Skip som grunnstøyter eller feilmanøvrerer kan føre til skader på infrastruktur og miljø.
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		x	
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendelser?		x	
	e	Anna (spesifiser)?			

Miljø/ Landbruk		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?	x		Dette er ikkje venta som varig situasjon, men som ein del av anleggsprosessen med etablering av deponi og mudring av masse må ein pårekne forureining i form av lukt og støy.
	b	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?	x		I anleggsfasen vil det vere fare for utslepp i sjø og på land. Dette kan vere utslepp av forureina masse eller drivstoff frå anleggsmaskiner.
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

Er området påverka/		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		x	

forureina frå tidlegare bruk	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?		x	
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålrensing, skipsverft, gartneri etc.?	x		Botnen av hamnebasenget er i dag sterkt forureina. Det er også stor forureining i grunnen på land.
	d	Anna (spesifiser)?			

Brann/-ulukkesberedskap	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		x	
b	Har området dårlege tilkomstruter for utrykingskjøretøy?		x		
c	Anna (spesifiser)?				

Sårbare objekt	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?	x		Industrien i hamna er avhengige av elektrisitet og vassforsyning.
b	Er det spesielle brannobjekt i området?		x		
c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		x		
d	Anna (spesifiser)?				

Verksemds risiko	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		x	
b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		x		
c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?	x		Usikkert kva industribedriftene har av instalasjonar som t.d. gass.	
d	Anna (spesifiser)?				

Ulovleg verksemd	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		x	
b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		x		
c	Anna (spesifiser)?				

Sjekklista er gjennomgått den 06.02.2019 av sign: Utviklingsavd. Herøy kommune v/ Erlend S. Vikestrand

Sjekkliste klimatilpassing

1. Flaumfare

a) Større vassdrag (vassdrag over 100 km²):

- Er det teke høgde for klimaframskrivingar i flaumsonkartlegginga?
 - Dette er ikkje gjennomført i forbindelse med oppstart.
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre på resultatet av kartlegginga?
- Kan auka havnivå føre til auka flaumfare for planområdet (fare for kombinasjon av stormflo og flaum)?
 - Ja.
- Har det vore tilfelle av isgang (som kan forverre flaumproblema)?
 - Ikkje kjent.

b) Bekkar og mindre elvar med bratt fall:

- Det er ingen bekkar/ elvar i området.
- Har det vore flaum ved tidlegare hendingar med intens nedbør?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre forholda?
- Er det planlagd utbygging 20 meter eller nærare ein vassdrag/bekk?
- Er bekkar lagt i røyr, og er det i tilfelle kapasitet til å ta unna auka nedbørsmengder?
- Har det vore endringar i arealbruken omkring elvar og bekkar som gjer at dei må finne andre løp ved flaum?
- Vil utbygginga kunne ligge i vegen for, eller stenge for, at elvar og bekkar kan endre løp?

2. Skred/erosjon

a) Er det lausmasser langs elv og/ eller sjø som kan vere utsett for erosjon?

- Nei.

3. Avløp

a) Har det vore problem med kapasiteten i avløpssystema ved tidlegare hendingar med intens nedbør?

- Ikkje kjent.

b) Har det vore problem tilbakeslag?

- Ikkje kjent.

c) Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre forholda?

- Ikkje kjent.

d) Kan auka havnivå gi problem for avløpsanlegg (tilbakeslag)?

- Ja. Dette må vere tema for prosjektering.

4. Havnivå/stormflo

a) Er berekninga av havnivåstiging og stormflo gjort i samsvar med prinsippa i rettleiaren «Havnivåstiging og stormflo» (DSB, september 2016)?

- Det er gjort for detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, indre hamn (plan ID 201605). Resultata her vil vere like for denne planen.

5. Infrastruktur (utanom vatn og avløp)


a) Kan auka fare for utfall av kritisk infrastruktur endre risiko- og sårbarheitsforhold for det aktuelle området?

- Ja. I forhold til skipstrafikk og ulykker knytt til denne.

6. Slagregn

a) Kan området vere sårbart for auka fare for slagregn?

- Nei. Området ligg sjønært og det skal etablerast tilstrekkeleg drenering av overflatevatn over ny fylling.



«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST «POSTSTED»
»

Saksnr 2017/422	Arkiv L12	Dykkar ref «REF»	Avd /sakshandsamar UTV / TR	Dato 21.03.2019
--------------------	--------------	---------------------	--------------------------------	--------------------

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR MASSEDEPONI I SANDVIKA GNR. 59 BNR. 1. HØYRING/OFFENTLEG ETTERSYN.

Herøy formannskap vedtok i sak 45/19 den 12.03.2019 å legge privat planforslag for massedeponi i Sandvika, gnr. 59/1, ut til offentlig ettersyn/høyring.

Planforslaget vert med dette oversendt for uttale og vil vere utlagt til offentlig ettersyn i perioden 22.03.2019 – 10.05.2019. Protokoll og saksutgreiing m/vedlegg til F-sak 45/19 ligg vedlagt denne oversendinga.

Planforslaget saman med tilhøyrande dokument er også lagt ut på Servicetorget i 1. etasje på Herøy rådhus og er tilgjengeleg på heimesida www.heroy.kommune.no.

Innspel kan leverast i eige elektronisk skjema på heimesida til Herøy kommune eller på mail til postmottak@heroy.kommune.no. Sending via brev sendast til **Herøy kommune, Utviklingsavdelinga, postboks 274,6099 Fosnavåg.**

Uttale skal merkast: ***Planforslag for massedeponi i Sandvika gnr 59/1, 2017/422.***

Frist for uttalar/merknader er sett til **10.05.2019.**


Har du spørsmål kring saka kan du kontakte: Tanja Rafteseth,
tanja.rafteseth@heroy.kommune.no - 94160135

Med helsing

Ole Magne Rotevatn
Avdelingsleiar

Tanja Rafteseth
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2017/422
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
45/19	Formannskapet	12.03.2019

VEDTAK OM HØYRING/OFFENTLEG ETTERSYN FOR PRIVAT REGULERINGSPLANFORSLAG. MASSETAK I SANDVIKA PÅ GNR. 59 BNR.1.

Tilråding:

Herøy kommune vedtek å legge planforslag for Sandvika gnr. 59 bnr. 1 ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10.

Plankart, føresegner og planomtale datert 04.02.2019 er gjeldande.

Møtebehandling:

Planleggar Tanja Rafteseth møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 12.03.2019

Herøy kommune vedtek å legge planforslag for Sandvika gnr. 59 bnr. 1 ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10.

Plankart, føresegner og planomtale datert 04.02.2019 er gjeldande.

Særutskrift:

Vedlegg

- 1 Plankart Sandvika 59/1, datert 04.02.2019.
- 2 V2 Bestemmelser
- 3 Planomtale Sandvika- 04.02.2019
- 4 V3 Ros-analyse sandvika
- 5 V6 merknader samla
- 6 V7 Geologisk vurdering gbnr 59 1 i Herøy kommune
- 7 Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Sandvika gbnr 59/1 - massedeponi i Sandvikstranda - Fråsegn etter arkeologisk synfaring
- 8 V8 Kontroll av stikkrenne under fylkesveg F10

Samandrag av saka:

I mars 2017 mottok kommunen eit privat planinitiativ for midlertidig massetak i Sandvika, gnr. 59 bnr. 1. Føremålet med planen er å etablere eit massetak der det er mogeleg for alle å levere reine masser. Tiltakshavar er Odd Erling Løvøy, konsulent er Sporstøl Arkitekter AS. Det vart helde oppstartsmøte den 28. mars 2017, der kommunen sa seg positive til prosjektet. Saka vart varsla oppstarta og annonsert i mai 2017.

Det kom inn 7 innspel/merknader i samband med varslinga. Blant anna krav om avklaring for arkeologi. Arkeologiske registreringar er gjorde og det er varsla frå fylkeskommunen at det ikkje vart gjort funn (vedlegg 7).

Kommunen fekk tilsendt eit planforslag i oktober 2018. Etter gjennomgang er det gjort nokre justeringar og rettingar og nye plandokument er datert 04.02.2019. I oversendinga ligg også ved ei geologisk vurdering av området. Vurderinga konkluderer med at arealet har akseptabel risiko for ras/skred og at området ut frå ein geofagleg ståstad kan anbefalast for tiltenkt føremål.

Planområdet er på totalt 21,4 dekar og er sett av til massedeponi, køyreveg, grønstruktur og omsynssone for høgspenline og skredfare. Det går fram av føresegnene at når deponiet er slutført skal området finstillast slik at det kan brukast til beite. Det er også planlagt innkjøp av soldeverk for utsortering av jord og stein for sal.

Rådmannen rår til at planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10.


Saksopplysningar:



Figur 1: Oversiktsbilete som viser kvar massetak er omsøkt etablert. Vest for Sandvika mot Rysseneset.

I mai 2017 vart det varsla oppstart av planarbeidet med kunnngjering i aviser, utsending til naboar/grunneigarar og regionale og kommunale instansar.

Oppstartsvarselet viste plangrensa for området slik:



Figur 2: Plangrensa for området slik det gjekk fram av oppstartsvarselet. Planframlegget er basert på same plangrensa.

Her er eit samandrag av merknadane som kom inn til varsel om oppstart, med kommentar til korleis desse er følgt opp i planframlegget:

1. NVE, 22.06.2017:

Høgspenlinja gjennom planområdet kan merkast som omsynssone etter pbl § 12.6 og det skal i nødvendig grad fastsettast føresegnar som set krav til tryggleiken. Planområdet ligg innanfor potensielt fareområde for skred. Skredfaren må vurderast nærare av fagpersonar og eventuelle faresoner og sikringstiltak må innarbeidast i planen.

Kommentar: Høgspenlinja er merka som omsynssone H370 på plankartet og omtala i føresegnene § 8.2. Skredfaren er vurdert i eigen rapport (vedlegg 6) og faresone for skred om flom er merka H310 på plankartet og omtalt i føresegnene § 8.1.

2. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 22.06.2017

Området må stengast av for ålmenta og det må etablerast mottakskontroll for å hindre at det vert deponert anna enn reine masser. Dei minner om at dersom tiltaket medfører forureining, må ein søkje løyve frå forureiningsmynde, som her er fylkesmannen. Det skal stillast krav i føresegnene om at matjord i området skal takast vare på og skal nyttast mår deponiet slutførast og blir tilbakeført til fulldyrka jord. Det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet etter plan- og bygningslova § 4-3 og eventuelle fareområde må innarbeidast i planen.

Kommentar: Avstenging for ålmenta og mottakskontroll for ureine masser er innarbeidd i føresegnene § 3.9. Tilbakeføring av matjord er kravd i føresegnene §

3.3, ROS-analyse er gjennomført og fareområda er innarbeidde i planen.

3. Herøy Vasslag, 24.05.2017

Dei har ingen anlegg i nærleiken av dette området.

4. Møre og Romsdal fylkeskommune, 21.06.2017

Etterlyser kommunen si vurdering av krav om konsekvensutgreiing og at det ikkje er lagt ved referat frå oppstartsmøte i saka. Dei krev arkeologisk synfaring og eventuelt registrering.

Kommentar: Grunna eit mistak vart det ikkje oppretta offisielt referat av oppstartsmøte 23. mars 2017. Det var uttalt i møte at tiltaket ikkje ville løyse ut krav om konsekvensutgreiing, men krav om geologisk analyse for skred- og flaumfare. Arkeologisk synfaring er gjennomført og klarert (vedlegg 7).

5. Søre Sunnmøre Reinhaldsverk, 29.05.2017

Dei ser positivt på etableringa sidan behovet for massedeponi er stort.

6. Statens vegvesen, 19.06.2017

Dei føreset at eksisterande avkøyrsløse frå fylkesvegen vert nytta vidare og at denne vert regulert felles for eigedomane 59/1 og 59/6. Krav til sikt og sikkerheitssoner må overhaldast og regulerast inn på plan.

Kommentar: Veggen er regulert inn på kart og ivaretek desse krava.


7. Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 22.06.2017

Viser til tidlegare landbruksfagleg uttale, datert 22.11.2016. Det går fram av denne uttalen at dei er positive til tiltaket. Presiserer at det må søkjast om mellombels løyve til omdisponering etter jordlova § 9 for 6 dekar fulldyrka jord. Det må også settast krav om at det skal ligge føre ein kanal- og dreneringsplan som er del av detaljreguleringa. Jordlova må nemnast under punkt om statlege retningslinjer/rammer/føringar.

Kommentar: Søknad om mellombels løyve til omdisponering etter jordlova er ikkje del av denne plansaka og må takast utanom. Dei andre punkta er stetta i føresegnene.

Alle tilhøva er i tillegg omtala i planomtalen.

Framlegg til plan:



Figur 2: Framlegg til reguleringsplan for massetak i Sandvika, gnr. 59 bnr. 1.

Beskriving av planframlegget:

Planområdet er på totalt 21,4 dekar, derav 6-7 dekar dyrka mark og grøfter for leiing av overflatevatn. MTK gjorde vedtak den 13.02.2017 om at det må utarbeidast reguleringsplan for området. Longva oppmåling as har foretatt masseutrekningar og området planleggast for ein kapasitet på inntil 90 000 m³. Planen vil auke landbruksarealet til om lag 15 daa.

Planen inneheld 3 område for massedeponi, LAA1, LAA2 og LAA3. I følge føresegnene § 9.3 skal massedeponiet gjennomførast trinnvist der LAA1 skal fyllast tilbake og tilbakeførast til dyrka mark før ein startar med deponering på LAA2 osv. Det skal utarbeidast ein eigen drensplan i forkant av at massedeponiet startar opp. På LAA4 skal det etablerast ein voll mot steinsprang i forkant av at område LAA2 vert tatt i bruk. (Føresegna § 9.5)

Planen inneheld fareområde for to høgspenninglinjer i lufta, merka H 370 på kartet. Den nordlegaste linja med spenning 22 kV har ei omsynssone på 7 meter til kvar side. Den sørlegaste med spenning på 66 kV har 25 meters omsynssone.

Lengst sør på planen er det sett av omsynssone for skred, H310. Sona er avgrensa i samsvar med vedlegg 7 i den geologiske vurderinga (vedlegg 6 i denne saka).

Området skal drenerast og dreneringsvatn skal førast til opa elv vest i området og vidare gjennom eksisterande kulvert (dimensjon 1200 mm) under FV 10 (beskrive i planomtalen s. 22 og pkt. 6.15 s. 24). Det er foretatt kontroll på om kulverten vil ha kapasitet til auka mengde dreensvatn. Det er konkludert med at kulvert/stikkrenne under FV 10 har stor nok dimensjon (vedlegg 8).

Vurdering/Konklusjon:

Planframlegget tek omsyn til grensene for eigedomen, geotekniske tilhøve og innkomne merknader i tilstrekkeleg grad.

Planområdet er på totalt 21,4 dekar og er sett av til massedeponi, køyreveg, grønstruktur og omsynssone for høgspenline og skredfare. Det går fram av føresegnene at når deponiet er slutført skal området finstillast slik at det kan brukast til beite. Det er også planlagt innkjøp av soldeverk for utsortering av jord og stein for sal.

Rådmannen meiner planframlegget stettar dei krav og anbefalingar som er sett og rår til at planen vert lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10.

Fosnavåg, 07.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Ole Magne Rotevatn
Leiar utviklingsavdelinga

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth

Teikntforklaring

Reguleringsplan PBL 2008
§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
 SKV Keyeveg
 SVG Annan veggrunn - grøntareal

§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur
 CA-A Anngitt grøntstruktur kombinert med andre angitte hovedformål
§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift
 LAA LNFR formål kombinert med andre angitte hovedformål

§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone
 VN Naturområde

§12-6 - Omsynssoner
 H270 Fisisk
 H270 Ras- og skredfare
 H270 Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenningskabler)

Linjesymbol
 — Planens begrensning
 - - - - - Formålsgrense
 - - - - - Byggelinje
 - - - - - Friskilnse

Regulert kant kjørebane
 Regulert kjørefelt
 Grense for faresone

Kartopplysninger
 Kjedde for basiskart:
 Date for basiskart:
 Koordinatsystem: ETRS89 UTM-32N
 Høgdegrunnlag:

Ekvidistans: 1m
 Kartmålstokk: 1:1000 m

Detailregulering
Reguleringsplan for Sandvika - gbnr. 59/1
 Med tilhørende reguleringsbestemmelser

Arealplan-ID:
 Forlag:
 Forfasserstiler:
 Odd Erling Lowry

Saksbehandling ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN


Dato	Revisjon	XXX
Dato	Revisjon	XXX
Dato	Revisjon	XXX
Dato	Revisjon	XXX

Kommunesjefers tilt vedtak

Ny 2. gang behandling
 Offentlig ettersyn fra til
 2. gangs behandling
 Offentlig ettersyn fra til
 1. gangs behandling

Kartgrunntegning er opprettet av planmyndighet
 Oppnådd etter: Herøy kommune v/ Torja Kallheim - avslutt oppdragskontrakt dateret 4-4-2017
 PLANER ER UTARBEIDET AV: PLANKONSULENT
 2017/422 23-3-2017
 TEIGNSKIL DATO: SIGN.
 04.02.2019 MD

Det bekreftes at planen er i samsvar med kommunesjefens vedtak av _____





Detaljreguleringsplan for Sandvika gnr. 59 bnr.1

Planidentifikasjon:

Kartnr. i kartarkivskap nr. 1

Eigengodkjenningsdato

Eigengodkjend av:

2017XXXX

Herøy kommunestyre

§1 GENERELT

1.0 Formål

Formålet med planen er å legge til rette for et midlertidig massedeponi der det er mulig for alle å levere rene masser etter avtale med eier. Når deponiet er slutført skal området finstilles slik det kan brukes til beite.

Det er også planlagt innkjøp av soldeverk for utsortering av jord og stein til salgs.

§2 PLANAVGRENSING OG PLANOMRÅDETS AREALFORMÅL

2.1 Planavgrensning

Det regulerte området er vist med plangrense på plankart.

2.2 Området reguleres til følgende formål, jfr. plan og bygningsloven §§12-5 og 12-6

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- Kjøreveg
- Annen veggrunn-grøntareal

Grønnstruktur

- Angitt grønnstruktur kombinert med andre angitte hovedformål

Landbruks-, natur og friluftformål samt reindrift

- LNR formål kombinert med andre angitte hovedformål

Bruk av vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone

- Naturområde

Hensynssoner

- Faresone ras- og skredfare
- Faresone, høyspenningsanlegg inkl. høyspentkabler
- Sikringssone frisikt

§3 FELLES BESTEMMELSER

3.1 Kulturminner og aktsomhetsplikten. Skulle det under bygge-anleggsarbeid i området komme fram gjenstander eller andre spor som viser eldre aktivitet i området, må arbeidet stanses og melding sendes til Møre og Romsdal fylkeskommune, jf. Kulturminneloven §8.

3.2 Natur og miljøvern. Massedeponiet skal innfri kravene til forskrift om fremmede organismer kapittel 5. Dette for å hindre att deponiet medfører uheldige forhold for det biologiske mangfold.

3.3 Matjord i området skal tas vare på og skal nyttes når deponiet sluttføres. Området skal tilbakeføres til fulldyrket jord.

3.4 Etter retningslinje fra Vegdirektoratet av 28.03.2011 (NA-rundskriv 2011/4) skal det langs veier reguleres et areal med sikte på å etablere sikkerhetssoner. Sikkerhetssonen skal ved massedeponi være på 7 meter ut fra fylkesvegen. Denne kan nedjusteres til 3 meter når planområdet blir brukt som landbruksareal.

3.5 Avkjørsel fra fylkesveg 10 skal være felles for eiendommene 59/1 og 59/6. Den skal ha samme plassering som eksisterende avkjørsel og siktkrav skal imøtekomme kravene i håndbok N100.

3.6 Tiltak ved offentlig veg. Ved tiltak langs veien skal det ikke gjøres terrenginngrep som gir veikroppen dårligere stabilitet.

3.7 Frisiktlinje ved avkjørsel. Innenfor frisiktlinje ved avkjørsel skal det være fri sikt i høyde 0,5 meter over tilstøtende veger.

3.8 Veglys/belysning innenfor området skal ikke plasseres slik at de er til plage eller kan mistolkes av trafikanter langs Fv10.

3.9 Det skal være låst port/bom og informasjonsskilt ved innkjøring til området. Dersom det skal leveres masser til området skal dette avtales med driftsoperatør.

§4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.1 Offentlig kjøreveg

Kjøreveg merket o_SKV1 er eksisterende fylkesveg og omfatter vegbane med skulder og stopplomme.

4.2 Kjøreveg

Areal merket SKV2 er felles privat avkjørsel til eiendommene 59/1 og 59/6. For å sikre god hjørneavrunding er det lagt in radius på disse i planen.

4.3 Annen veggrunn- grøntareal

Areal SVG1-SVG2 langs fylkesvegen tilegnet sikkerhetssone i samsvar med rekkverksnormalen. Denne har en bredde på 7 meter der 2 meter nærmest veg skal være ryddet for trær. Dette arealet kan reduseres til 3 meter ved tilbakeføring til dyrket mark. Teknisk infrastruktur som rør, kabler, sluker, skilt/skiltportaler, og veglys kan også plasseres innenfor arealet.

§5 GRØNSTRUKTUR

5.1 Angitt grønnstruktur med andre angitte hovedformål

Området merka GAA skal nyttes som grøntareal og det skal ikke deponeres masser i dette området.

§6 LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSFORMÅL SAMT REINDRIFT

6.5 LNFR- formål kombinert med andre angitte hovedformål

- Område merket med LAA1 og LAA2 skal brukes til massedeponi. Områdene skal fylles med masse og tilbakeføres til dyrket mark. Det skal legges drensledninger (4'') med 8 meter mellomrom med fall mot elv på området.
- Område merket med LAA3 satt av for massedeponi. Det skal også bygges en voll for å fange opp eventuelle steinsprang. Denne skal bygges samtidig som en starter med massedeponering på LAA2.
